


BOKN BYGDABLAD

Nr 9 - November 2000 - Årg. 15



Knallkjekt - s. 7



Tok feil - s. 17



Sikring - s. 20



Bokn kommune
150 år

Kusymre
kommuneblom i Bokn





ORDFØRAREN RDET

Hei igjen!

Nå nærmar det seg opning av den nye barnehagen, offisiell åpning blir 28/11 av Fylkesmann Tora Aasland, noko me alle ser fram til. Barnehagen vil få 40 plassar, dobbelt så mange som i dag, to avdelingar, fine arbeidsforhold for både barn og ansatte med varme i golv, trivelige lokale og fine leikeforhold ute. Bokn har stort sett alltid hatt full barnehagedekning, med venteliste det siste året, og så er det å håpa at me som politikarar klarar å finna plass til auka drift når behovet tilseier det. Eg ønsker heile Bokn lykke til med ny barnehage.

Me hadde besøk av Fylkesordførar Roald Bergsaker den 8/11. Bergsaker hadde samtalar med Formannskap og administrasjon om saker me er opptatt av i Bokn, t.d. hestesportanlegg og næringsutvikling.

Som nevnt får me besøk av Fylkesmann Tora Aasland den 28/11, og i tillegg til opning av barnehagen blir der møte kor kommunen sin økonomi og Fylkesmannen sin innblanding i Bokn sine prioriteringar av utbyggingar og tiltak vil bli diskutert.

Kommunestyret har hatt ein debatt om korleis ein såg for seg utbygginga på skulen. Debatten enda opp i at Kommunestyret såg for seg ein utbygging på skulen med auditorium og felles skule- og folkebibliotek. Personlig trur eg at eit auditorium vil bli svært mykje brukt til undervisning, framføringar, kurs, møte, og kanskje til enkle filmframvisningar på både dag og kveldstid. Så nå ventar me spent på kva løysing skuleutbyggingnemnda kjem fram til. Det er sett av ca. 16 millionar kroner til denne utbygginga, noko som blir eit stort løft for Bokn.

Formannskap og administrasjon er i gang med budsjettet for 2001 og økonomiplan for 2002-2004. Situasjonen for 2001 ser rimelig grei ut, men situasjonen vidare er meir usikker p.g.a. tap av kompensasjon for bortfall av regionaltilskudd på ca 4 mill. kroner. Dette arbeider me nå med å få beholda, og skal i møte med Kommunaldepartementet 6/11, og håpar på positivt utfall der.

Det kan vel ellers nemnast at der ikkje ser ut for å vera rom for noko særleg nye tiltak og investeringar utanom skuleutbygginga.

Også i år blir det trekt ut vinnarar frå boka i postkassen oppe på Boknafjellet. Har du ikkje skrive deg opp, kom deg opp på fjellet! Det blir jobba med eit lite nyttårsarr. slik som i fjor, og ein reknar med at trekninga skjer på det arr.

Meir om dette i desesmberrnr.

Svein Ove Alvestad

Ildsjelpriisen 2000

Kommunal- og regionaldepartementet deler ut Ildsjelpriisen 2000 i samarbeid med Det Kgl. Selskap for Norges Vel, som er sekretariat.

Ildsjelpriisen 2000 består av to hovedpriser på kr. 20 000,- og sju priser på kr. 7000,-.

Prisene skal deles ut til personer mellom 14 og 30 år som har gjort noe positivt for andre unge mennesker og som er ildsjeler i sitt lokalmiljø, fortrinnsvis i distrikts-Norge. Juryen vil vektlegge innsats som har bidratt til å gjøre lokalmiljøet mer attraktivt å leve i for ungdom. Innsats som har bidratt til å øke ungdoms engasjement vil også vektlegges.

Vinnerne av Ildsjelpriisen 2000 skal være hun eller han som er våken nok til å se mulighetene, aktiv nok til å følge opp ideene og stå nok til å nå de mål som blir satt. Ildsjelene skal være unge nok til å representere framtida og samarbeidsvillige nok til å ta på seg ansvar.

Prisene er stipend som kan brukes til reise, opplevelse og studier for å stimulere til videre innsats overfor ungdom. Vinnerne av hovedprisene vil bli invitert til Oslo før jul, der kommunal- og regionalministeren vil overrekke dem prisene.

Alle er velkomne til å sende inn forslag på kandidater. Spesielt ber vi kommuner og ungdomsorganisasjoner om å komme med forslag.

Frist for å sende inn forslag til kommunen er 15. november 2000.

SENIORSURF MED NOKO ATTÅT


Tekst & foto: Reidar Alvestad

KJEM DET NOKON?

Det var spennande å sjå om det var nokon av den eldre garde som let seg lokka ut av godstolen for å bli introdusert i den nye tida sitt nye vidunder og nye ord og uttrykk: dataverda med internett, surfing på nettet, e-mail osv. Ein viktig grunn til at kurset kom i stand, er at også den eldre del av befolkninga skal kunna ta del i den delen av informasjonssamfunnet som vert lagt til rette via data og internett.

Klokka nærma seg 17.00 den 17. oktober, og dei lokale arrangørane i eldrerådet med leiar Bjørg Alvestad i spissen hadde koka te, trekt kaffi og smurt rundstykke. Alt låg vel til rette for at dei over 55 skulle få ein pang-start i sitt nye spennande liv i internett-verda.

Underteikna som er sekretær i eldrerådet, var også spent, og beklaga til instruktøren Åse Bratthammer at det dessverre berre var i underkant av 10 personar.



På datarommet på skulen hadde alle deltakarane kvar sin datamaskin. Her underviser Åse ved hjelp av videokanon.



Dei fleste deltakarane hadde seg ein prat rundt bordet før det heile starta.

”Men det var jo bra”, svara ho. Og så sette me i gong.

FIN PRESENTASJON

SENIORSURF sentralt hadde laga ein god informasjonspakke i form av eit opplegg som var laga til presentasjon på såkalla videokanon. Dette viste Åse Bratthammer på stor skjerm. Etterpå sette deltakarane seg ved kvar sin datamaskin, og fekk rettleiing i korleis dei skulle gå fram for å utføra dei ulike operasjonane. Mange gjekk inn på Seniorsurf si eiga internett-side og såg korleis dei kunne gå inn på ulike emner. T.d. var det ein person som var interessert i å finna informasjon om museer og liknande. Og slik sett er internett verdas største oppslagsbok. Fram på skjermen kom artiklar og bilete om istandsette kvernhus og alt muleg anna. Og då blei det spennande for henne.

Etter kaffipausen gjekk oppdagingsferda i internett-verda vidare, og Åse gjekk rundt og orienterte og rettleia kvar enkelt deltakar.

GA MEIRSMAK

To av deltakarane på kurset var Solfrid og Berge Søvik som bur i Alvestadkroken. Utgangspunktet deira var både det sosiale ved å treffa andre på kurs, og dei mulighetene som internett gir t.d. når det gjeld å ha kontakt med andre på nettet, og ved å bruka det til å få informasjon om ulike emner. Dei har sjølv små forskningskaper, men syntes kurset var greit opplagt. Det var ein fin måte å få informasjon om kva det dreier seg om, og dei syntes begge det gjorde at dei blei litt meir nysgjerrige. Kor vidt det vil føra til at dei vil kjøpa seg datautstyr, er uvisst. Men dei fekk diskutert kva som måtte til av typer og prisnivå.



Solfrid og Berge Søvik kan hygge seg med peisflamme før dei kanskje får datamaskin med skjermbilde.



MYRÅ BUFELLESSKAP

EIN NY HEIM I BUFELLESSKAPA PÅ BOKN

Tekst & foto Reidar Alvstad

MYRÅ BUFELLESSKAP

BUFELLESSKAPA PÅ BOKN

Mange har nok registrert at det i seinare tid har blitt ny aktivitet i Alvestadkroken, som blir kalla Myrå Bufellesskap. Huset ligg i svingen når du kjem ned bakken til Alvestadkroken, og er ved sida av Torland Bufellesskap med og utgjør det som nå heiter BUFELLESSKAPA PÅ BOKN. Bufellesskapa er som tidlegare ein stiftelse, og har nå to ulike stader dei kan nytta.




Bufellesskapet i Myrå. Huset ligg fint til ved sjøen. Mykje arbeid er gjort innvendig, og nye rom er sett i stand. Bustadflata er nå rundt 200 m²

POSITIVE ERFARINGAR

Dag Monsen og Elin Thorsen tar imot meg i det nye Myrå bufellesskap. Dei fortel at Torland bufellesskap har eksistert i vel 4 år, og dei har vore med frå starten i 1996. Etter kvart føler dei at dei kjenner oppvekstmiljøet på Bokn bra, og dei seier at dei i denne tida har møtt mange åpne, interessante barn og vaksne i bygda som har vist vilje til å inkludera barna frå oppvekstheimen i bygdasamfunnet på ein god måte. Hadde det ikkje vore for desse gode erfaringane, ville dei ikkje tatt sjansen på å kjøpa nytt hus for å utvida drifta. Slik sett har bygda stått fram som eit varmt samfunn som har gjort sitt til at også desse barna er blitt ein levande del av barne- og ungdomskulturen på Bokn. Nokre av desse har endå til markert seg innafor ungdommens kulturaktivitetar, noko som har gitt desse unge positiv omtale som har kome heile gruppa til gode. Sjølv om skulen får mange nye utfordringar og nye elevar, har samarbeidet vore godt, oppvekstmiljøet blir vurdert som bra, og ein har erfart at bygda tar godt imot dei nye tilflyttarane. Konklusjonen blei då at bygda ville tåla at drifta blei dobbel så stor i omfang enn tidlegare, og dei bestemte å kjøpa bustaden i Alvestadkroken som var til salgs.

Folk i bygda har nok lurt på om det er berre å starta opp med denne typen oppvekstheim utan noko form for godkjenning frå kommunen. Og slik er det. Så lenge det ikkje bur meir enn 10 personar i huset, er det ikkje krav



I Myrå er det befriande utsikt og nærleik til Boknasundet i motsetning til Torland som ligg i "indre strøk" av Bokn

om nokon annan godkjenning frå kommunalt hald enn det som er vanleg for andre bustader.

MEST MULEG LIK EIN VANLEG FAMILIE

Å leva mest muleg likt ein vanleg familie er ein av grunntankane bak drifta av bufellesskapa i Bokn. Opplegget er slik at for dei unge som bur der, skal dette vera ei erstatning for å bu heime hos foreldra. Det næraste ein kan koma ei beskriving av buforma, er vel at det er ein mellomting mellom ein fosterheim og ein tradisjonell institusjon. Men det er nok mest lik ein fosterheim. Bu-



3 av dei vaksne i Myrå. Frå v.: Målfrid Aukland, Tom Valen og Britt Elin Strand.

institusjon. Men det er nok mest lik ein fosterheim. Bustadhusa i Myrå og på Torland er vanlege hus med noko fleire soverom enn vanleg. Det er plass til 4 unge på kvar stad. Bufellesskapa er godkjende til bruk av fylkeskommunen, som i sin struktur kallar dei to oppvekstheimane i Bokn for to avdelingar.

VAKSNE 'MEDLEVARAR'

Eit nytt ord for meg tar tid å fordøya. Det er ordet 'medlevar' som ikkje er anna enn eit uttrykk for dei 8 vaksne medarbeidarane i dei to oppvekstheimane i Bokn. Dei vaksne lever i lag med ungane. Det er til saman 13 vaksne som arbeider i og rundt oppvekstheimane i Bokn. Systemet er slik at 8 av desse arbeider direkte i heimane, 4 i kvar heim. Desse går 2 om gongen i eit turnussystem over 15 dagar kor dei lever med ungane heile døgnet, for så å ha fri ein periode på 13 dagar. Dette er for at det skal bli stabile forhold over tid for dei unge.

Utanom desse 8 er Dag Monsen administrativ leiar



Tresnekka er ein typisk vestlandsbåt som oppvekstheimen i Myrå kan bruka i det maritime nærområdet i og omkring Boknasundet.

og Elin Thorsen fagleg leiar for bufellesskapa. I tillegg har dei ein gardsbestyrar og to ekstra miljøarbeidarar som blir brukt der det er behov.

IKKJE BEHANDLINGSINSTITUSJON

Dei unge som bur i Myrå og på Torland er barn som av ulike grunnar ikkje kan bu heime eller i fosterheim, men som likevel ikkje treng å bu i institusjon. Slik sett er ikkje dette nokon behandlingsinstitusjon, men ein stad der barn og ungdom får god omsorg når dei ikkje kan bu heime. I Alvestadkroken har dei eit heilt anna bumiljø enn på Torland som er ein gard. Alvestadkroken er meir eit etablert bustadmiljø med maritimt miljø kor det er nær veg til å nytta sjøen som ein del av fritidsaktivitetane. Så har dei også kjøpt seg ei lita tresnekke som dei kan bruka til dette føremålet, slik mange andre familiar har. Dei vaksne frå Myrå tek del i gardsarbeidet på Torland, og ungane er med når dei har lyst. Dei er nå i ferd med å avslutta hønsehaldet. Til nå har dei hatt 1600 høns,

men for å driva vidare, måtte dei fornya heile innreininga i hønsehuset. Difor satsar dei nå på 50 vinterfora sauer. I tillegg har dei 5 hestar, kaniner, kattar og ender. Litt høns til hushaldet vil dei behalda, pluss eit par griser. Kva som skal erstatta hønsehaldet, har dei ennå ikkje bestemt seg for.

TETT KONTAKT OG OPPFYLJING

Det er ikkje så stor skilnad på dagsrytmen i Myrå og i ein vanleg familie. Dei må også opp om morgonen




Frå v: miljøarb. Kjell Eilerås, fagleg leiar Elin Thorsen og miljøarb. Idar Frøyland. Hunden Dino i midten høyrer heime hos Elin og dagleg leiar Dag Monsen

for at barna skal i skule eller annan aktivitet. Måltida har dei vanlegvis felles, og fritida utanom skuletid blir stort sett som hos andre. Lekser og andre "plikter" skal også gjerast. Hus og klær skal haldast reint og i stand, mat skal lagast og oppvasken må utførast som i andre heimar. Så det er ikkje mangel på oppgåver. I tillegg vil det alltid krevja ekstra tid med å bli kjent med dei nye tilsette og nye barn som flyttar inn. Som andre barn har dei ulike erfaringar og fritidsinteresser, og dei vaksne prøver å fylgja opp slik foreldre ville gjort i andre heimar.



I midten gardsbestyrar Jan Kristian Jøsang. Til venstre Anlaug Riise Varhaug, og til høgre Jan Morten Anvedsen. Desse er to av 4 medlevarar på Torland.



Petra fritidsklubb informerer



av
ungdomsarbeider
Ann Kristin
Grønnestad

Fredag den trettende, var en dag vi hadde planlagt og sett frem til lenge. Det var tid for **KARNEVAL** på "Petra", og det var jo litt av en

dag å ha det på. Da ungdomsarbeideren ankom stedet i et skremmende "mafia-fyr" kostyme, vrimlet det av all slags mulige rare skapninger der. Ikke alt var like vakker, i og med at kostymene varierte fra Zombie (= Levende død) til Rødhette, og Humlenes Konge til Pønker.

Jeg må hilse og si tusen takk til Bratland's, for god hjelp med kostyme mitt!

Fantasien var stor, og det var mye flott å se på. Mange hadde jobbet en del for å få til en skikkelig utkledning, mens andre igjen snek seg unna den delen og kom likt kledd som de pleier. Det er for det meste den litt eldre ungdommen som ikke gidder å kle seg ut, men det er jo deres tap. Det er jo ikke fullt så gøy å se på som å delta!

6. og 7. klasse var spesielt invitert til denne kvelden, men det var ikke så veldig mange av dem som dukket opp. De som var der hadde det gøy med blant annet "Kostervalsen", "Stol-leken" og "Limbo-dance"! Det er lenge mellom hver gang det er så fullt på dansegulvet, og det fikk minnene til å strømme på om gamle dager og

KARNEVAL!!!

olé olé!



diskoteket som vi hadde da. Riktignok var det kanskje ikke så mye karneval, men det var ganske mye rart å se på dansegulvet den gangen også!

Vi premierte de tre "Beste kostymene", og her tok Jørgen Thuestad en suveren førsteplass! Kristiane Larsen kom på andre, og Hanne Marte Vatnaland på en tredje-

plass. Dere ser på bildet hvor flotte de er! Gratulerer!! Førsteplassen ble altså premiert med en valgfri cd, og de andre to vinnerne fikk hver sin store godtepose.



Selv om det var fredag den trettende, så gikk alt etter planen, og ingen uhell eller nesten-ulykker skjedde.

Det meste går etter planen på "Petra" for tiden, til og med vaktlistene! Det dukker opp to vakter *hver* gang, og når foreldre eller foresatte bytter vakter, er de flinke til å gi beskjed til oss. Hele dette halvåret har dette gått som på skinner. Kjempeflott! Og tusen takk for at dere gir beskjed om bytting av vakter, det gjør det mye enklere for oss å kontakte rette person hvis det skulle være noe.

Som sikkert mange av dere leste om i forrige bygdeblad, så hadde vi to episoder med hærverk i forbindelse med en "Petra"-kveld. Postkassen som ble ødelagt henger nå fint på plass, og det var "Dynamitt-Harry" selv som måtte levere den personlig. Det var bare så synd at postkasse-eieren ikke var hjemme akkurat når vi var der for å levere den! Hummerteinen er også blitt gjenskaffet.



"Petra" (representert av styret) vil ikke forbindes med hærverk, og kommer til å gå hardt ut mot dem som ødelegger andres og "Petra's" eiendeler.

Ikke bare kjente fjes på karnevalet.

Vi har også fått en holdning på klubben som går på at hvis noen er vitne til hærverk og senere blir spurt om

de vet noe, så sier de det som de har sett. Grunnen til dette er ikke at de vil henge ut folk eller sladre på andre, men at de har fått mer forståelsen av at de må ta ansvar for sin egen klubb. Når en ødelegger, har det en tendens til å ødelegge for alle. Og jo mer "Petra" må legge ut på ødelagte ting, jo mindre penger blir det til litt morsommere ting som nye cd'er, Playstation-spill, biljard-utstyr og bortennisballer.


Når det gjelder vasking av "Petra"-lokalene, så føles dette som et evigvarende problem. Fritidsklubb-en's eneste inntekter kommer fra kiosksalget og inngangspengene, (alle tror at vi selger snopet så dyrt, men jeg kan forsikre dere om at ingenting av snopet blir solgt med mer enn to kroner i fortjeneste). At vi skal bruke alle pengene vi klarer å tjene inn, på vask av "Petra", det syns vi er veldig synd. Vi har jo hatt et par ungdommer som vasker for oss, men det er mye arbeid å vaske hele klubben når en er bare to stykker. Spesielt siden dette skal gjøres 1-2 ganger i uka. Så nå er det styret som vasker, gang etter gang.

Vi har flere ganger vært inne på tanken om at vi burde hatt profesjonell vask av klubben vår, ikke minst av helsemessige årsaker. Dette har imidlertid ikke blitt gjennomført. Mange mener at ungdommen lærer å ta ansvar dersom de får ansvar. Det kan godt være, men de som for øyeblikket lider under dette er ungdommene i styret og ungdomsarbeideren.


KLUBBKVELD!!!

av ungdomsarbeider
Ann Kristin Grønnestad

21.oktober var vi en god gjeng som satte kursen for Haugesund. Vi var 27 ungdommer og en voksen, fordelt på en bil og to maxitaxi'er. Lærlingene var allerede i by'n, slik at jeg hadde hjelp det meste av tiden. Først dro vi til Bowleren, hvor det faktisk var fullt på alle banene, unntatt de vi hadde reservert. Det var visst fotballturnering i by'n, så de fikk det travelt de som jobbet der den kvelden.



Det spilte ingen rolle for oss. Vi bare marsjerte forbi alle som stod i kø og ventet, slo oss til på banene, og begynte å bowle. Det eneste som var litt dumt, var at de ikke hadde så mange bowlingkuler igjen, vi måtte derfor dele broderlig på dem. Noen endte opp med kuler som *sikkert* var mye tyngre enn seg, andre med kuler som antagelig



Noen hadde tydeligvis flere kuler å velge mellom enn andre. Torstein Alvestad i aksjon.

Det kan jo være en mulighet å gå tilbake til det systemet med at alle brukerne av "Petra" blir satt opp på ei vaskeliste, men det fungerte egentlig aldri noe særlig. Grunnen til det, var at ungdommene nesten aldri kom på klubben de gangene de stod oppført på vaskelista.

Kanskje vi må gjøre det slik at de foresatte og barna deres blir satt opp på henholdsvis vakt- og vaskeliste samme dag, slik at hvis ungdommene skulker unna, så må foreldrene være med å vaske istedetfor?! Det er den planen jeg har mest tro på. Det som er ulempen med det, er at vi da må vaske etter at klubben har stengt, og da blir klokka fort både ett og to.

En annen ting er at vaktene gjerne vil hjem, og at det derfor kanskje ikke blir gjort så grundig rent. Ikke misforstå meg, jeg har full forståelse for at folk vil hjem etter å ha sittet fire timer på vaktrommet. Men vi må finne en vaskeløsning som fungerer! Er det noen av dere som har forslag eller ideer, så er det bare å komme med dem.

Styret i "Petra" har vedtatt at de skal ha oppe hver tredje onsdag, i stedet for bare første onsdagen i måneden. Dette skjer ikke før etter nyttår. Det er litt greit å operere etter en vaktliste, da unngår en lettere misforståelser. Da vil jeg ønske dere en riktig god november-måned, og håper på bedre vær. I skrivende stund herjer nemlig stormen for fullt!

I HAUGESUND

eksisterte allerede i 1920-åra. Jeg hadde store problemer med å finne "kula mi", men fant den til slutt hos de på banen ved siden av oss. Fire eller fem ganger var jeg borte og "rappet" kula deres, men de "rappet" den nok så ubemerket tilbake igjen, (bare for å få sagt det, så var dette en bane med våre ungdommer på, det var ikke vilt fremmede mennesker).

Jeg fikk både se og høre mange stilarter, og Bowleren er garantert merket for livet etter vår innsats den kvelden. Banegulvet fikk virkelig gjennomgå. Men vi knuste ikke noe, ja, unntatt "Kremen av Bowlere" som dere ser på bildet på neste side, vi knuste lagkameratene våre noe kraftig!


Siden det var så mange andre folk på Bowleren denne kvelden, så ble det ikke noe av langbordet med pizza, som det egentlig var blitt avtalt. Vi fikk spise maten mens vi bowlet, og det var vel egentlig greit nok. Vi kan ikke klage på servicen vi har fått i det hele tatt. På Bowleren har de tatt i mot oss med åpne armer, og vet nesten ikke hva godt de kan gjøre for oss.



"Bowlingseleiten", fv. Roy Alvestad, Therese Våge, Lars Martin Hosaas, Jostein Aksdal, Vibeke Borgenvik, ungdomsarbeideren og Henriette Øvrebø.

Klokken halv ti, skulle vi være på andre siden av by'n, nemlig på Quazar! Mange av dere vet nok ikke hva det er, men dette bør dere få øynene opp for. Quazar er et sted som tilbyr folk å prøve laserskyting. Du bør bare være mellom 2 og 90 år gammel, men har du *alvorlig* astma, hjerteproblemer eller andre lumske helsetilstander er *ikke* dette noe for deg.

Først får du på deg en selvlysende vest og får utdelt en laserpistol. Instruksjoner blir gitt. På bildet her, er det Rune som forklarer oss hva vi skal gjøre. Deretter blir



Rune Gjerde instruerer spente ungdommer, fv. Torstein Alvestad, Eivind Eikje, Lars Martin Hosaas, lærling Annika Lee-Stol og Cathrine Almaas (de to siste med ryggen til).

du sendt inn i et lokale med trapper, hjørner, vegger, bildekk og ganger som er mer eller mindre fylt med røyk, ("diskotek"-røyk).

Her er poenget å skyte mest mulig på fiende-laget, og ikke bli truffet selv. Man har et rødt, og et grønt lag, og man kan være opp til syv personer på hvert lag. 15 minutter har man til rådighet, og på de minuttene blir man

temmelig varm i trøya! Etter hvert som ungdommene kom ut, den ene mer piónrød enn den andre, svetten silte (bokstavelig talt), og adrenalinet pumpet, fikk de utskrift av resultatene sine. De som hadde gjort det ekstra bra, fikk kommentarer som: Simply the best!, En ny Rambo er tilbake!, og Lucky Luke, mens andre som ikke hadde vært fullt så treffsikre fikk: Som et lam til slakteren!, eller Gjennomhullet som osten!




En ting er i hvert fall sikkert: Dette falt i smak hos ungdommene jeg hadde med meg! De var *helt i hundre*! Jeg har faktisk aldri sett dem så *heltente* før! Laserskyting er den største suksessen vi har hatt noen gang. De skulle egentlig bare spille en gang hver, men de tryglet og ba og var så innsmigrende og smiskete, at jeg lot dem få spille enda en omgang. Plutselig var jeg den "kjekkeste og greieste, snilleste og søteste" personen de visste om!


Og at det er populært hos folk i alle aldre fikk jeg se mens de andre var inne og freste av seg litt energi, for det kom mange (unge og eldre), som ville spille. Men her også hadde vi reservert, så de måtte vente en god stund før vi var ferdige. For de som er interessert i å prøve dette, nevner jeg at de tar 55 kroner per. person, per. spill, og at Quazar ligger i Flotmyrgt. 194.

Kommentarene etter denne kvelden var mange, men de som gikk igjen var "knallkjelt!", "dette va heilt rått!" og "detta va bare heilt konge!"



Etter 2. runde: Rune fikk solgt masse brus og is til overoppheta boknaungdom. Fv. Øystein Vågshaug, Roy Alvestad, Jostein Aksdal, Torstein Alvestad, Mustafa Duale, Bjarne Thuestad og Sønn Erik Grønnestad.





GARDS- OG ÆTTESOGA FOR BOKN

Glimt frå "VIGJÅ" i farne hundreår

av Birger Lindanger

Denne gongen presenterar me nokre bitar frå historia til Føresvik. Det aller meste er henta direkte frå bygdeboka, men nokre av overgangane mellom kapital er laga for bygdebladet.

Som me ser kunne lagnadane variera ein del her for 2-300 år sida.

Levevegen i "Vigjå" på 1600- og 1700-talet

Føresvik var – saman med Alvestadkroken – den siste hamna før Boknafjorden for den som skulle sør og den fyrste hamna for den som kom sønnantil. Difor var det naturleg å lenda her for mange av dei som drog langs leia. Dei kunne leggja seg her om det var for rusket å leggja over fjorden. Eller dei tok inn her for å koma seg etter ein hard tur over fjorden. Her søkte dei òg natthamn, ein segla ikkje om natta. I råsegltida var dei dessutan meir avhengige av høveleg bør - og kunne bli liggjande for den skuld.


Skulle dei opp i bygda, til Boknaberg eller kyrkja, var Føresvik staden å ta i land. Husmannsplassen "Føresvik" låg på Sæbø "Engebø", men mot grensa til utmarka. Som ei av pliktene til denne plassen, var det hefta at han - i det minste frå midten av 1700-talet - skulle gje presten losji, lys, varme og ei oppreidd seng når det trongst. Dessutan laut husmannen betala to dalarar i grunnleige - Sæbø var jo eldgammal prestegard.

Nokre rettar hadde husmannen òg. Såleis fekk han beite i Sæbø-marka for så mange kyr plassen makta fø vinteren - helst eit par stykke. Han fekk skjera torv i Sæbø-marka og løyve til å ha to sauer eller ein gris på Holmen. Attåt spadde han ein åkerfleck og hausta av ein engteig som han leigde av Sæbø.

HANS LØSTIG OG SISSEL SELDE ØL OG TOK MOT LOSJERANDE

Difor var det naturleg at det tidleg slo det seg ned husmenn og strandsitjarar på begge stadene. Me kan ikkje vita nett når det slo seg til folk her og korleis dei levde. Men det ser ut til å ha budd folk her alt kring 1600.

Men dei er vanskelege å fanga opp. Det var bare bøndene som betalte skatt og landskyld og som blei systematisk registrerte på 1600-talet. Likevel høyrer me tilfeldig om ein Jakob "Furevig" i 1618 – den fyrste



Sjøhusholmen i 1890-åra medan salteriet til Mons framleis var einaste bygget her. Me skimtar så vidt den gamle krambua til venstre.

nemnd i hamna her. Kor lenge han heldt til her, er uråd å seia. Men mot midten av 1600-talet blei han avløyst av korporal Hans Løstig.

Hans heldt til saman med kona Sissel i ei lita stove med to små vindauge. Der tok dei mot reisande og skjenkte kanskje også litt øl og selde litt å bita i. Råd med overnatting fiksa dei òg. Men så skjedde det i 3. juli 1668 at det var soldatinnskriving på garden Hetland i Tysvær.

Ut på kveldinga kom bondelensmannen, Daniel Madsen Fosen - ridande til gards. Heime hjå seg på Fosen hadde han elles ein son - Daniel - som med tid og stunder skulle ta over Trosnavåg og bli ein leiande mann i Bokn. Men nå var lensmannen var godt skjenkt og huja og skreik. Sidan gjekk han inn i stova og sette seg til med nokre brev.

Sidan kom Hans Løstig ridande frå Nedstrand og gjekk inn i stova. Dei to gjekk gjennom kven som skulle bli ståande i dei militære rullane, men blei usamde om Rasmus Amdal. Hans meinte Rasmus hadde tent tida si til endes, lensmannen ville han skulle bli ståande i rullande.

Me hadde ein betre lensmann før!

Dette irriterte Hans kraftig. Daniel var forresten heilt fersk i vervet. Til sist var Hans så arg, at han hevda at den førre lensmannen hadde vore betre enn Daniel. Daniel vart rasande, reiste seg opp og drog til korporalen to gonger i aksla og ein gong i hovudet med ein jernstav med jernring i enden. Det siste slaget var så vondt at Hans seig halvt i svime.

Nokre av tinglyden hjelpte då Hans ut i tunet medan andre freista å stagga lensmannen. Nokre heldt på døra og andre freista å få han til å roa seg.

Men lensmannen blei bare meir rebelsk. Han kravde å få sleppa ut for å pissa og lova dei ulykke om dei ikkje sleppte. Så før han opp i høgsætet etter noko og øydela ein stol i forbifarten. Sida slo og støyte han folk tilsides til han nådde døra og kom seg ut.


Drapet

Der rauk han rett i synet på korporalen og fekk han under seg. Tinglyden fekk på ny skild dei. Mellom anna heldt dei på Hans, ein heldt om dolken hans og ein annan heldt han kring livet. Likevel fekk Hans rykka seg laus og stakk i hel lensmannen. (*Jfr. elles "Tysvær", bd.9, s.290*)

Hans visste vel kva som nå venta han. Straffa var ei - dauden. Og før folk heilt skjøna kva som var tids, var han over alle haugar. Futen var lite glad for å få knivstukke lensmannen sin midt på tinget. Difor stemnde han dei 23 som hadde stått nærast for ikkje å ha avvergja hendinga. Dei sleppte straff. Men dommen for Hans blei som venta: fekk nokon tak i Hans skulle han gjerast ende på. Også Sissel fekk li, helvta av alt som var av verdi i heimen hennar fall til krona som straff for brotsverket.

SØREN OG MAREN OG "FEM SMAAE, NØGNE OG FADERLØSE BØRN"

Etter Hans tok Søren Persson Tyrholm Schrøder og kona Maren Pedersdotter over i Føresvik. Dei fekk fem born og sleit med å metta alle munnane. Dei dreiv gjestgjeveriet, men fekk vel så mykje av inntektene frå fiske og ved å by fram arbeidskrafta si kring om på gardane. Likevel kneip det. Huset deira var lite tess og bygd av dårleg og ringt tømmer som somme stader "Aff Regen och W-ueyer war nesten roden och forderfuet". Skulle det rivast, ville tømmeret ha svært liten



Det gamle sjøhuset til Mons i 1890-åra. Her var både bustadhus og handel frå gammal tid og på denne staden kan godt også gjestgjevaren ha halde hus på 1600-talet. Bak skimtast "Prestanaustet" og ein strandsitjarbustad. Til høgre brua over til Sjøhusholmen.

verdi.

I huset var det ei lita stove med sju vindauge. Her fanst ein gammal og øydelagt bileggjaromn og eit kroskap. På veggane hang nokre små bilete. Over var det eit loft med seks vindauge som vende mot vest. På loftet sto elles "en Wdtreckende Skriffue" – ein sekretær? Langs huset var det sett opp ei sval av hun og på sørsida låg kjøkkenet - med skorstein. I gruva hang ei gammal gryte som eigentleg hørde til presten i Skudenes.

Ut frå kjøkkenet sto eit halvtak av hun der det var rom for to kyr. Elles fanst her ei bu – ei stove der folket sov. Men våren 1678 – ved dei tider Søren låg på dødsleie – fanst det korkje sengeklede eller anna som kunne gjerast om i pengar i dette rommet.

Det var smått for Søren og Maren jamvel om dei var av god ætt. Bror hans var sjølv sokneprest Hans Peder- sen Tyrholm i Skudenes. Presten pleidde å ta inn her når han hadde ærend på Bokn. Difor låg det nær for han å la dei låna somt som trongst for å overleva, mellom anna bileggjaromnen i stova. Etter som tida gjekk, hadde det samla seg opp ei gjeld på 26 dalarar til broren - ei halv årsløn for ein vanleg arbeidskar.

Vidare lånte dei 20 dalarar hjå soknepresten i Nedstrand og dei skulda fem dalarar til kjøpmannen Morten Seehusen i Stavanger. Endeleg hadde dei smågjeld både her og der, til saman 15 dalarar hjå ni forskjellige kreditorar både i byen og blant bygdefolket, mellom anna hjå Anne Jørgensdotter, enke etter salig Tomas Hollender.

Med renter hadde Søren og Maren ei samla gjeld på 75 ½ dalarar då han døydde våren 1678. Dette medan alt dei åtte – huset medrekna - bare svara til 30 dalarar. Det var i det heile eit trøysteslaust syn som møtte takseringsmennene som skulle gå over buet etter Søren. Der sat Søren's etterlatne enke Maren Pedersdatter og ikring henne sprang hennar fem fattige "Smaa faderløse, Nøgen Børn". Dei slo fast kva verdiar som var i buet og oppmoda kreditorane om å koma saman for å finna ut korleis dei skulle skifta ut desse verdiane og om dei ville riva huset eller la det stå.

Dei let huset stå. For å halda liv i seg og borna gifta enka seg fyrst opp att med Abel Bagge og fekk ein son med han i 1681. Då også han døydde kring 1690, gifta ho seg på ny med sjømannen Jon Olsson. Saman sleit dei seg gjennom og i det minste nokre av borna fekk veksa opp.

Sonen hennar, Søren var fem år og yngst av gutane då faren døydde. Han vaks opp i Føresvik og i 1690-åra etablerte han seg og som strandsitjar her ved sida av stefaren og mora. Men dei fyrste åra etter hundreårskiftet tynnast det kraftig ut i "Vigjå". Kring 1705 døydde Jon medan Søren – som då var noko over 30 år – flytta til Bergen. Maren sjølv døydde i 1715 og var då opp mot 80 år gammal. Etter henne tok Nils Hansson og Bente over. Nils døydde straks etter 1720, for alt i 1723 blei Bente nemnd åleine: "Bente i Wigen" som ho blei kalla. Her budde ho sidan med borna sine og med tida


gifta ho seg venteleg opp att.

Etter som det sidan blir nemnt, budde dei på sjølve Føresvikholmen, den som sidan blei kalla Sjøhusholmen. Men dei må ha hatt ein aldri så liten jordlapp på landsida òg. Desse som budde her, dreiv eit lite jordbruk. Dei spadde ein åkerfleck og fødde ei ku eller to og nokre få sauer. Litt fiske dreiv dei òg. Men grunnen til at dei budde her, var i fyrste rekkje ferdafolka som drog langs leia og som trengde dei tenestene dei ytte.

I hundreåret som fylgde, budde både tollarar, gjestgjevarar, handelsmenn og strandsitjarar i Vigjå. Men den mektigaste som nokon gong heldt til her, ruva jamvel i landssamanheng.

MONS "VIGJÅ" – STORENTREPRENØR OG ISLANDSFISKAR

Kring 1838 heldt dei stort, men høvisk bryllaup på Nora Våga hjå Asbjørn Hansdotter og kona Ane Larsdotter. Yngste dotter deira, ho "Selia", hadde fått Mons, son til rike Lars og Marta i Kro, til brudgom. Faren var ein streng, men flink kar. Fyrst i 1820-åra var han den fyrste haugianaren i prestegjeldet. Og tri - fire år etter bryllaupet var han med og skipa Norsk Misjonsselskap i Stavanger. Slik sett var han mykje av ein religiøs leiar i bygda.



Mons "Vigjå"
Larsen kring
1875.



Cecilie
Asbjørnsdotter
Larsen kring
1875.

Dessutan var han ein tiltakslysten kar som dreiv sildesalting, jaktfart og skipsfart og la seg etter kvart opp store midlar. Når sto altså den eldste av dei to sønene, den kring 27 år gamle Mons, brudgom.



Borna til Mons og Cecilie kring 1865. Framme fv.: Anna Bennediksine, Cecilie (mora) og Laurentse Marie. Bak fv.: Martine Cecilie, Karen, Ingeborg Dortha, Laura og Alida Margrethe.

Mons skulle på mange felt gå far sin ein høg gang og bli ein storentreprenør jamvel i nasjonal målestokk. Han starta som styrmann og skipper på fartøya faren åtte i og fekk etter kvart lagt til sides ein god del pengar. I 1841 let Lars yngste sonen - Ola - ta over garden i Kro. Om lag på denne tida valde då Mons og Selia å flytta til Vigjå for å driva handel og næring der. Her var det frå før sett opp hus høvelege til å driva handel. Viktigast var det gamle handelslags-bygget som både var sjøhus, lager og bustad.

Her var òg eldhus og stabbur som begge sto heilt mot slutten av 1900-talet. Mons og Selia tron for eigen del eit standsmessig hus, og sette opp "tristovehuse", venteleg mest med det same dei kom hit. I dag står bare tredjeparten att og blir helst kalla "Mydland-huset".

Dei to trong også husrom, dei blei velsigna med ti born som kom til verda med kring to års mellomrom. I løpet av 18 år fekk dei åtte jenter og to gutar. Venteleg budde dei frå fyrst av i det gamle bygget til det seinare handelslaget. Det lå rimeleg høveleg til i høve til "Holmen", samstundes som det var landfast med Vestre Bokn.

I løpet av desse fyrste åra bygde Mons det svære sjøhuset og sildesalteriet ute på Holmen, eit bygg så dominerande at det sidan gav namn til Holmen. Med det fekk Mons hand både om fisket - han åtte større fiskebåtar og nøter, om konservering og foredlinga - saltinga - og eksporten som sjølvsagt også skjedde på hans fartøy.

I 1854 var tida inne til å leggja tilværet som strandsitjar bak seg. Då kjøpte han opp halve Sæbø: Heimdal og den seinare "Mydlandsjorda". Med det fekk han hand om all jord i og kring Føresvik og kunne eventuelt utvida eller utvikla området som han ynskte. På Heimdal sette han òg opp eit standsmessig bygg! Sidan blei han kalla bonde og skipsreidar sjølv om jordbruket sjølvsagt bare kunne gje ein liten brøkdel av inntektene hans. Langt viktigare var det at han var partsreidar ei ei rekkje store seglskip, mellom anna briggen "Lesseps" og barkskipet "Kong Oscar".

Mons kravde og fekk også "D/S Ryfylke" til å ta turen innom på sjølve jomfruturen i 1855. Det vil seia at det fyrste ruteskipet på sin aller fyrste tur i rute vitja Føresvik som stoppestad. Sidan har Føresvik vore stoppestad for rutebåtar til denne dag. Mons sytte dessutan for at det blei oppretta postopneri i "Vigjå" - også det eit symbol på at staden var sentral.

Fram mot 1860 tok døtrene hans til å bli gifteklare. Dei var likande jenter. Og med foreldrenes formue var dei alle aktraktive giftarmål. Gjennom den allsidige verksemda til faren, fekk jentene òg høve til å møta gutar av god stand: eldstejenta Maria møtte Arenth Anda, nesteldste Ane fann Peder Amlie medan den noko yngre Laura fekk Arne Lothe - alle skipsreiarar og velstandsfolk. Cecilie, nummer sju i syskenflokk, gifta seg med Rasmus Evertsen frå Stavanger. Då dei gifta seg kring 1872, var han kasserar og bokhaldar ved kopargruvene - også det eit brukbart parti.

Slik oppretta Mons eit familiedynasti med trådar inn til Føresvik og med alle svigersønene som aktive og dristige medspelararar. Den økonomiske basisen deira var heile tida silda.

Som for mange andre, var det eit slag for Mons og svigersønene då sildefisket svikta så totalt frå 1872. Men dei valde å satsa offensivt. Kom ikkje silda til dei, kunne dei leita opp silda. Dei kjende vel til at det i i fem års tida blei drive sildefiske ved Island. I fyrste omgang valde dei likevel å søkja silda langs nordlandskysten.

Men utover i 70-åra svikta silda også her, samstundes som det kom gode fangstmeldingar frå Island. Etter noko førebuing, var tida inne i 1879 til at også Mons sende ein ekspedisjon til Island. Med seg fekk han skipsreidar R.G. Hagland i Haugesund og dei tri svigersønene. I alt drog dei med fire galeasar og ei jakt: "Sylfiden", "Skaanevig", "Heimdal" og "Elisa".

Men dei hadde mykje å læra, mellom anna at dei trong



"Tristovehuset" kring 1900. Dette var venteleg huset Mons budde i då han kom til "Vigjå" kring 1840. Til høgre krambu/sjøhus/lager og bustadhuset der Handelslaget heldt til sidan. Bak der att skimtast stabburet som Elise Pedersdotter drog med seg frå Lillehammer.

sjøhus og saltebuer på land skulle dei driva effektivt. Fangsten var ikkje særskilt god, men brukbare prisar gjorde at dei likevel kom frå det med overskot.

Året etter stemnde Mons, saman med svigersonen Arne Lothe, på ny mot Island om bord på galeasen "Jon Sigurdsson". Denne gongen hadde dei materialer med og sette opp sjøhus på Svinakåli. År for år auka dette fisket på, og overskotet med det. Dette skjedde også trass motstand frå islandske styresmakter som helst ikkje ville sleppa utlendingar til.

Under desse ekspedisjonane oppdaga Mons - som i 1881 passerte 70 år - at det vrimla med kval langs dei islandske kystane. Dette nemnde han for svigersonen og totningen Peder Amli.

Peder var elles ein allsidig kar som ved sida av ei omfattande næringsverksemd, også var ein aktiv haugianar, lekpredikant og forfattar som slo seg ned i Hauge-sund i 1857.

Peder hadde ein velstående bror i Kristiania, Thomas,

som hadde noko hopehav med ein viss Svend Foyn! Desse to blei då òg innvigde i tankane om kvalfangst ved Island. Resultatet blei i 1882 driftsselskapet Mons Larsen & Co som skulle førebu kvalfangsten vidare. Noko som letta desse førebuingane, var elles at Mons hadde sikra seg borgarskap i Island. Dessutan sette han opp eit våningshus i Eskifjord for å stetta dei formelle krava islendingane stilde.

Alt året etter kunne dei steama vestover mot Island med dei to dampskipa og kvalfangarane "Isafold" og "Gratia" - det siste skipet høyrde til Svend Foyn. Men islendingane la framleis mange hindringar, mellom anna at Svend Foyn skulle løysa borgarbrev. Dette nekta Svend Foyn, og striden enda med at han trekte seg or heile firmaet.

Mons og svigersønene hans - nå var og Rasmus Evertsen med - reorganiserte firmaet og heldt fram fangsten. Kvalfangsten blei også viktigare fordi ein verldsom orkan hausten 1884 saman med tungt islandsk byråkrati tvinga nordmennene til å byggja ned og mest avvikla sildefisket ved Island.

Kvalfangsten var nokså middelmådig midt på 80-talet og overskotet lite. Det store omskiftet kom i 1887 då ein brått tridobla fangsten i høve til det som var vanleg tidlegare. Dette kom for seint for Mons som døydde tidleg på vårparten i 1887 og i løpet av dei par åra som fylgde, drog svigersønene seg ut. Men Mons hadde drege i gang ei verksemd som i åra som kom skulle gje rike inntekter for heile distriktet.

Det Mons Larsen sådde



Også lokalt, i "Vigjå" grodde etter Mons. Etterkomarane har drive denne verksemda som postopnarar og dampskipsekspeditorar meir eller mindre samanhangande 1900-talet til endes. Frå 1911 blei det også utvida med telefonsentral. Men ved tusenårskiftet er det meste av denne verksemda automatisert og sentralisert.

Rutebåttrafikken på Bokn har elles halde fram tusenåret til endes, men etter bruene i form av snøggbåtar. Natrutra blei lagt ned kring 1974 og rutebåtane elles slutta av med bruene i 1991.

Handelen slutta Larsen-familien av med alt før hundreårskiftet og ulike privatpersonar dreiv vidare til Bokn Handelslag blei etablert i 1922. Dette har sidan vore den dominerande handelsverksemda på Bokn med kring 2/3 av all handel. I 1999 blei Handelslaget også postfilial slik at sirkelen på sett og vis blei slutta.

Hermetikk og septikk

Eit anna tiltak til Mons, var sildesalteriet. Også dette mista funksjonen sin utover på 1800-talet. I staden blei det oppretta hermetikkfabrikk her. Gjennom fyrste halvta av 1900-talet var han - "Norena" som han heitte den siste tida - litt av ein hjørnesteinsbedrift, særleg i silde- og brislingseongen. Etter at det gjekk ut med hermetikken i 1960-åra, blei det i 1970 etablert plastindustri i lokalet. Med åra vaks denne verksemda til bli den største i Bokn.




PILOT

Innovasjon i læring,
organisasjon og
teknologi

Tekst & foto: Åse Bratthammer

Bokn skule er med i eit landsomfattande prosjekt som kallast PILOT.

Dette er eit treårig prosjekt som gjer at me får mulighet til å bruke tid på å endre skulen si organisering og måte å arbeide på. I Bokn har me og valt å legge inn i prosjektet at me skal prøve å samarbeide meir med samfunnet rundt oss. PILOT handlar om få til ei utvikling kor elevane kan lære meir og betre og kor me må organisere og endre måten å arbeide for å få det til. Eit av hjelpemidla vert då teknologi.



Marie Vatnaland og Helen Grønnestad med vindmølle.

Læring


Elevane skal arbeide sjølvstendig og ta ansvar for mykje av si eiga læring. Dei jobbar ut ifrå prinsippet om at det dei finn interessant og meningsfullt vil dei lære noko av. Difor vil dei ha stor grad av valfridom i arbeidsmåtar og innhald. Elevane skal lære seg å arbeida med praktiske problem i nært samarbeid med det lokale næringsliv. Eller elevane kan drive eigne småskala verksemdar som dei ved hjelp av

teknologi kan modellere opp til store bedrifter. I 10. klasse har dei fått eit oppdrag kvar veke i tillegg til anna arbeid og det er noko som dei trivest med. Eit av oppdraga var til dømes å laga ei alternativ energikjelde.

Organisering

Skuledagen er organisert i økter, med ein felles mat-pause. Det vert delt ut ein arbeidsplan for kvar veke som vert gjennomgått. Timane vert rekna i årstimar slik at det er mogleg å ha fleire dagar med t.d. berre natur-fag. Samarbeid med andre ynskjer me å bruka i stor grad. Det vert samarbeidd både med andre skular i Noreg og i andre land, og vi ynskjer mykje samarbeid med det lokale næringsliv og samfunnet rundt oss. Me har i dag eit samarbeid med Jørpeland ungdomskule og Dirdal skule. Me har og kontakt og avtalar med nokre av bedriftene i Bokn, og me har avtale om hjelp og

opplæring frå It-avdelingen på Statoil. Me ynskjer å få mest mogleg kjennskap til det som skjer i Bokn både i kommunen og i bedriftene slik at me kan sjå om det er mogleg å bruka det i undervisninga. Eit døme er at om ein bonde vurderer å søke om tilskot for kulturlandskapspleie så kan det vera interessant for elevar som skal ha om økologi å fylgja den prosessen.



Eivind M. Eikje og Lars Martin Hosaas med vindmølle.


Teknologi

Vi har eit mål om at elevane har fri tilgang på det mediet dei måtte ha bruk for til å effektivisere arbeidet sitt. Mykje av det skriftlege vil foregå på data. Det vil verta normalt at dei finn planar og beskjedar på digitale oppslagstavler som er opne for alle. Også foreldre og samarbeidspartnere. I dag har prosjektet eigne nettsider **pilot.nls.no** som alle kan gå inn å sjå planane våre, rapportane og kva me driv på med.

Forskning

Vi skal og gjennom prosjektet vera med på forskning innan tema som går på skulebasert utvikling og vurdering. Kva skjer i ein organisasjon i endring? Kva er naudsynt for å oppnå suksess? Her vil det koma inn forskarar frå høgskulen Stord Hauge-sund som skal vera med oss.

Vi ynskjer og å ta inn studentar frå lærarhøgskulen over lengre tid som kan få veiledning frå høgskulen via nettet.



Mustafa Duale lagar vannkraftverk.

SKULEUTBYGGINGA

av Dag Halvorsen

Det er om kvelden 25. oktober, me har nettopp vore på foredrag om kvifor forandring er naudsynt i skulen, og kvifor det er så vanskeleg. Foredragshaldaren, som kjem frå Høgskulen i Agder, fortel at han er engasjert av ein kommune i Rogaland for å vurdere dei endringane denne kommunen har gjort i skulen. Her står ikkje pultane på rekker lenger slik at elevane kan sitje og høyre på læraren. Dei står mot skiljeveggar som i eit kontorlandskap. Elevane skal arbeide sjølv og finne ut av ting gjennom bøker og internett, meir enn å lytte til læraren.

Men i følge forelesaren må ein ikkje gløyme at det også skal vere rom og innreiking der læraren kan samle klassa for å lytte på gamlemåten når det er naturleg, og rom og plass til arbeid i grupper. Når det gjeld romma for dei praktisk estetiske faga, veit me at dei må vere tilgjengelege slik at elevar med spesielle prosjekt kan bruke dei når dei treng det.

Det er den nye læreplanen sine krav til endra arbeidsmåtar det gjeld. Endringar som er naudsynte skal skulen kunne møte dagens elevar på ei meningsfull måte, endringar som er vanskelege av di dei stiller nye krav til lærarane og skulebygget.

I Bokn har me planlagt skuleutbygging i to år, og nyleg fått eit kommunestyrevedtak om kva som skal byggjast. Eigentleg starta planlegginga i 1990, med ein 3-delt skule (småskule, mellomsteg og ungdomsskule) slik me ante at læreplanen ville bli, med fellesareal for kvar del, med klasserom ("kontor plassar" eller "heimebase") til kvar klasse, og med alle aktuelle spesialrom. Sjølv om elevtalet den gong bare gav 6 – 7 klassar, var det politisk vedtak om at skulen skulle vere fulldelt, og av den grunn blei det planlagt 10 klasserom. (Eigentleg 10 "halve" klasserom sidan eit vanleg klasserom er 60 m², mens våre klasserom er på mindre enn 30 m².) I 1994 sto avdelingane til småskulen og mellomsteget ferdige. Opprusting/nybygg for ein del av spesialromma og ny avdeling for ungdomssteget, skulle vere neste byggesteget, men det blei aldri sett av pengar til dette. Andre utbyggingsoppgåver i kommunen blei prioritert i staden, og skulen har mangla eigne klasserom til ungdomssteget i 6 år.

Då planane om skuleutbygging blei tatt opp att i 1998, gjorde fire forhold at ein måtte sjå på utbyggingsplanane med nye auge:

1. Den nye læreplanen som kom i 1997, stiller krav til arbeidsmetodar som krev større areal enn tidlegare, og den nye Opplæringslova med forskrifter pålegg kommunen å ha skulefritidsordning.
2. Skulebygget kan, i samsvar med kommuneplanen, vere eit satsingsområde når det gjeld å skape møteplassar for vaksne, og gje innbyggjarane i kommunen tilbod om opplæring og bruk av nye hjelpemiddel som til dømes data.

3. Dersom det blir ein auke i elevtalet i åra framover, vil me kunne bli fulldelt skule med behov for 10 "vanlege klasserom", i tillegg til det skulen treng av fellesareal og spesialrom. Skulle ein byggje inn denne auken alt no og sleppe ei mogleg ny utbygging om 5 – 10 år?
4. Kommunen har andre rombehov som kanskje bør løysast i samband med skuleutbygginga. Flytting av folkebiblioteket for å gje meir plass til andre aktivitetar i Boknatun, garasje til ambulanse, lager og verkstad til teknisk seksjon har vore nemnt.

I løpet av dei to åra som er gått har det vore skissert mange alternativ. Det første var ein fådelt skule med nybygg som inneheld to klasserom og grupperom, og folkebibliotek med kafe og auditorium. Så blei det vedteke at det berre skulle planleggjast skule, utan bibliotek og auditorium, og skulen skulle vere fulldelt. Det blei eit nybygg på 850 m², 10 vanlege klasserom og dei fellesareal, spesialrom og grupperom som trengst. Dette blei for dyrt og det blei teikna ned til 750 m² nybygg med minst mogleg endringar i den ombygde delen av eksisterande bygg.

Då saka blei lagt fram for kommunestyret, vurderte dei fleire alternativ, og landa på eit vedtak som sette ei økonomisk ramme på 16 millionar. Denne ramma gir i følge kommunestyret eit nybygg i to etasjar med grunnflate nær 500 m². Det blir folkebibliotek på 300 m² i underetasjen, eit relativt stort auditorium som også blir musikkrom, og plass til ein garasje til ambulansen. I hovudetasjen kjem det ny avdeling for ungdomssteget med klasserom på ca 60 m² og dei grupperom og fellesareal som ein fulldelt ungdomsskule treng.

Nybygget kjem nord for skulen, på tomte mot Boknatun, og det vil bli samankopling av bygga ved naturfagrommet.

I gamlebygget blir det ny avdeling for kunst og handverk og for heimkunnskap. Detaljplanlegginga av spesialromma er ikkje klar enno, men me reknar med at arealramma er stor nok til at me skal greie å finne tilfredsstillande løysingar.

Når det gjeld mellomsteget og småskulen vil dei fleste av dei 7 klasseromma vere på ca 30 m². Det er ikkje lagt skjul på at skuleleiinga kunne tenkt seg meir areal til småskulen, skulefritidsordninga og mellomsteget. Men no er det gjort eit vedtak og oppgåva blir å få til ei best mogleg løysing innanfor den økonomiske ramma som er sett. Elevar og tilsette vil få vesentleg betre rammer for arbeidet sitt når nybygget står klart og ombygginga er ferdig. Det nye biblioteket bør bli eit godt tilbod for alle brukarar, og det blir spanande å sjå kva auditoriet kan føre med seg av nye aktivitetar. Det er med entusiasme og arbeidsglede me tek fatt på det vidare planarbeidet for skulebygget.

MINNEORD

Olga Alvestad vokste opp på Austre Bokn med foreldre Sina (Anne-Serine) og Ole Bjørnsen Våge, og den tre år eldre søsteren Magda. Etter noen år i huspost, de fleste i Stavanger, giftet hun seg som 22-åring med Olav og flyttet over Boknasundet. De tok over butikken i Alvestadkroken. Olga hadde full jobb med Krambu og unger, Olav drev jo med fiske det meste av året.

Utenom var Olga aktiv i Husmorlaget, senere ble det Kyrkjeforening og Pensjonistforening. Etter at Steinar overtok butikken, bygde Olga og Olav hus i Kroksvika sammen med Per.



Det ble roligere dager, men barnebarna ble flere, og Olga og Olav ga av sin tid til de små.

Olga hadde alltid likt seg utendørs, og etter at hun ble alene i 1980 ble det utallige turer i marka, og mange er det nok som husker henne på alle turene rundt Håland.

Hun hadde god helse og har alltid holdt seg i god form, men 82 år gammel brakk hun lårhalsen, det ble en komplisert historie. Etter en del år med krykker og økende smerte, ble det en annen livskvalitet og en annen Olga.

De siste tre åra måtte hun ha hjelp til stell og pleie, som hun fikk på Sjukestova. Der døde hun 21.09, 92 år. Olga har mange etter seg:

4 barn: Aud, Per, Odd og Steinar, 13 barnebarn og 18 oldebarn.

De vil alltid huske henne som et glad og godt menneske.

Vi lyser fred over Olga's minne.

MINNEORD

Klara Haldis Øvrebø er død, 84 år gamal.

Ho vart fødd og voks opp på Grønnestad. Foreldra var Berthine og Sjur Grønnestad, og i ein syskenflokk på fire var ho nummer to. Før ho gifta seg, arbeidde ho som hus-hjelp i Stavanger.

I 1943 gifta ho seg med Jakob M. Øvrebø. Dei busette seg i Føresvik, og budde der sidan. Jakob arbeidde som matros - Klara var husmor og hadde ansvar for heimen, men arbeidde òg ei tid på Hermetikkfabrikken.



Klara var flink med h ndarbeid og var aktivt med i S j mannsforeninga. Ein annan stor lidenskap ho hadde var hagearbeid.

Noko av det Klara sette aller mest pris p  var sam-v ret med familien. Bes k av barn, barnebarn og oldebarn var alltid stor stas.

Dei siste  ra vart helsa d rlegare, og den siste halvannen m naden av sitt liv var ho p  sjukeheimen.

Klara etterlet seg 3 barn, 2 svigerbarn, 8 barnebarn og 10 oldebarn.



ORDET FRITT



Som venta har innlegget til Svein Ivar Langhelle i oktober vekt stor debatt. Sidan Bygdabladet ikkje kjem ut så ofte, vil debatten kanskje gå inn i 2001. Ingenting er betre, det er sunt med diskusjonar, og bladet blir meir spennande.

Alle er velkomne til å skriva meininga si, både om kulturen i Bokn og andre ting. Skriv gjerne på dialekt, og det er lov å vera anonym viss du ynskjer det. Har du høve til det, sender du innlegget ditt på e-post. Då er du sikra at det kjem med i desember-utgåva. 27. november er fristen for meiningsytringar til årets siste Bygdablad.

Innlegga blir trykte i bladet i den rekkefylgja dei kjem inn.

- redaktøren -

SKIKK OG BRUK I BOKN SVAR TIL SVEIN IVAR LANGHELLE

I Bokn Bygdeblad nr. 8 tek Svein Ivar Langhelle eit oppgjer med boknasamfunnet generelt og udefinerte einskildpersonar spesielt. Fleire referat er tekne ut av ein samanheng slik at for uinnvigde kan det vera vanskeleg å finna ut kva som ligg bakom. Likevel finn eg å måtta koma med nokre synspunkt på innlegget. Kanskje eg og tilhører "krinsar som føler seg provosert" sjølv om eg aldri har vore i nokon diskusjon med Langhelle. Først vil eg koma med nokre generelle merknader og deretter med nokre synspunkt på spesielle påstandar han kjem med.

Førsteinntrykket eg sit att med etter å ha lese innlegget til Langhelle, er at dette må vera ei siste helsing før flyttebilen kjem. Det andre er at tida før han kom til Bokn, må ha vore jomfrueleg. Ingen stader der eg har ferdast gjennom ein mannsalder og makt er utøvd, er dei mekanismar som Langhelle ausar or seg ukjende. På ein arbeidsstad, i ein organisasjon o.s.b finn ein - med noko sosial intelligens - raskt ut kva reglar som gjeld. Desse reglane innordnar dei fleste seg raskt fordi ein vil vera del av fellesskapet. Rollemønstra er og ofte slik at ein ikkje har problem med å identifisera seg med dei. Annleis kan det vera når ein som i Langhelle sitt høve flyttar til eit lokalsamfunn der han lite vil identifisera seg med Harrykulturen på staden, og tydelegvis endar opp som frustrert og framand. Han greier ikkje å gjer meiningane sine til levereglar for andre. Tredjeinnttrykket i innlegget er ei aning av ein noko nedlatande holdning - boknarane har ikkje utdanning og forstand nok til å skjønna at dei nye

tankane (les: Langhelle sine) er til det beste for dei. Livsrøynsle har diverre vist meg at det ikkje er noko likskap mellom intelligens og klokskap.

Det er mange år sidan eg var fastbuande i Bokn. Men sett frå sidelinja med interesse for lokalsamfunnet Bokn, vil eg våga og koma med to påstandar: at boknarane ikkje er korkje betre eller verre enn nordmenn flest. Dei kan vera sta og sjølvtenkjande, javel, men dette er noko som må gleda Anne Enger Lahnstein som Langhelle refererer til. Lahnstein har ved fleire høve bedt om "annerledes landet" utafor EU. Det ho ber om, finn ho ikkje på Oslo sin vestkant, men i samfunn med ein viss Harryfaktor. (Kva som ligg i "høg Harryfaktor", er for meg litt uklart. Kanskje "høg Harryfaktor" er personifisert gjennom Røke?)

Den andre påstanden: Bokn er på godt og vondt som dei fleste lokalsamfunn på Sør-Vestlandet. Eg minnest godt eit par samtalar eg hadde med tilflyttarar til Tysvær i samband med Kårstøutbygginga. Desse kom frå urbane strøk, mest Austlandet. Dei vart fascinerte av mange vakre stader i Tysvær og vurderte å kjøpa hus i små bygdesamfunn. To personar gav eg då det råd at dei måtte leiga seg hus i området ut frå at det ikkje er enkelt å tilpassa seg småsamfunn. Ein veit eg ikkje fylgde rådet, og kjøpte hus som han seinare fann ut ikkje var det luraste han hadde gjort. Det å vera tilflyttar og bu i småsamfunn gjer at ein vil vera samtaleemne på godt og vondt: korleis ein er kledd, kva ein har i handlekorga, kor ofte ein reiser til byen, om ein går i kyrkje eller bedehus. Dette er sett på spissen og i endring. Men har ein evne til å leva med dette, gir småsamfunna mykje attende. Der har dei vanlegvis større omsorg for

kvarandre. Ein bryr seg og i positiv retning. Folk får oftast ei handsrekking når det vert kravd.

Så over til nokre av dei spesielle påstandane. I heile innlegget sitt refererer han til leiande menn og slekter på Bokn utan å definera nærare kva han meiner. Slik som eg kan lesa dette, er det personar som gjennom politiske val har fått større tillit enn Langhelle. Bak "trengt" kan det og sjølsagt vera personar som har gjeve han nokre Pauli ord på vegen. Kanskje Langhelle har fått så klar beskjed som ein kollega av meg? Ho vart konfirmert for ca. 30 år sidan i Hjelmeland. Dagen etter tok ho på seg øyredobbar og leppestift for å visa seg fram. Då kom ei eldre kvinne bort til henne og ga beskjed om at ho med slik livsløyse kom ho "til å brenna i helvete". Fordelen med slik tale er at ein slepp å tvila på kva einskilde meiner om kva som er rett og galt. Annleis er det i våre dagar der kronprinsen er sambuar og presteskapet ikkje veit korleis ein vagt nok skal få uttrykt seg. Ein kan lika det eller ikkje: framleis bur det i Bokn menneske som gjennom nøysemd og gudstru har lagt stein på stein. At dette ikkje er "framtidretta tankar i moderniseringa av boknasamfunnet" får så vera, men det er ein kulturarv som både boknarar i og utafor Bokn har med seg som grunnstein i sine eigne samfunns-vurderingar. Ei av klassevenninnene mine frå Bryne Gymnas sa det nokså treffande: folk frå Ryfylke har ikkje eit bedehus i ryggen, dei har det på ryggen (I denne samanheng er Bokn del av Ryfylke).

Bygda sin "elite" er sett frå min ståstad ikkje berre personar frå visse slekter. I fire år vart Bokn marknadsført og leia av ein ordførar som flytta til bygda. Slik som eg kunne vurdera det, vart dette gjort på ein framifrå måte. Etter det eg er fortald, vart vedkomande ikkje oppmoda om å trekkje seg frå det direkte ordførarvalet. Andre kan sikkert og nemnast, men oversikten min er for dårleg.

Langhelle kjem med ei rekkje utsegn. Dei fleste er tekne ut av ein samanheng. Eg har ikkje sett meg føre å finna årsaka til påstandane hans. Men å trekkja dette ut til å bli at innflyttarar skal få "gradert røysterett", er det reine vås.

Langhelle klagar på at han etter 25 år vert sett på som "ein utafra", "ein framand". Når ein les alt han har fått høyrte direkte eller indirekte, ville eg i hans klednad spurd meg sjølv: når alle er i mot meg, kan det vera noko med meg og ytringsforma mi som vekker harme? Kanskje ein med små endringar kan vinna tillit? Dersom ein ikkje vil endra noko, kan det vel vera at ein gjer seg "sjølv ei stor teneste ved å flytta".

Erke-bergensar vert ein i 4. generasjon, definisjonen på ein ekte boknar kjenner eg ikkje, men 3. generasjon bør stå sterkt i ein søknad.

Kva for idear og tankar som burde utvikla Bokn, kan nok diskutast, men skal eg spå, vert det nok i Bokn som andre stader: dei pengesterke i eigne eller helst lånte bunader styrer og allmugen får ta del i festen etter beste evne.

Ein av dei velståande på Austevoll vart spurd om kvifor austevollingane gjorde det så godt der kommunen elles er på randa av konkurs. Han meinte årsaka var 3-delt: arbeidsame, rimeleg flinke og ein stor porsjon avundsjuke. Om dette er oppskrifta for å modernisere samfunnet i Bokn veit eg ikkje, men innlegget til Langhelle vil i alle høve bidra svært lite.

Å bu i Bokn har ikkje vore og vil nok ikkje verta nokon "sundagskule".

Kjære boknarar og veloppdregne tilflyttarar: Ha ei god framtid!

Bjørn Gunnar Nedrebo

EG TOK FEIL!

Det var jo mykje verre!

Innlegget mitt i førre nummer av Bygdabladet har vekt debatt. Det hadde eg venta og håpa på! At eg skulle få så mange og så positive tilbakemeldingane på artikkelen, hadde eg derimot ikkje ein gong fantasert om! Eg har aldri før vore i nærleiken av å oppleva så mange, overstrøymande godord frå folk som ville takka meg - også frå slike som eg har hatt liten eller ikkje kontakt med. Alle kjende seg igjen i det eg hadde skrive! Samstundes som alle desse tilbakemeldingane varma meg, gjorde dei meg også trist: Dei viste at problema folk kan oppleva er mykje verre enn eg trudde, samstundes som det er uventa mange grupper av boknarar som føler seg plaga av den ukulturen som rår i bygda.

Det er særleg eitt trekk som me bør ta på alvor: "Flytting frå Bokn" var eit tema hjå fleirtalet av alle dei som tok telefonisk kontakt med meg, også hjå folk som tilsynelatande er vel etablerte. Om berre dei som har snakka med meg om slike tankar, skulle gjera alvor av det og flyttar med familie sine, vil det vera nok til å redusera folketalet med fleire prosent. Folk seier gjerne at dei på mange måtar likar seg på Bokn, men at dei også ofte tenker at dei ikkje lenger orkar dei negative haldningane dei blir møtte med. Sjølv trur eg at mykje skjer i rein tankeløysa. Men slett ikkje alt!

Eg trur, ærleg talt, at framtida til Bokn er mykje avhengig av at me maktar å gjera noko med problema, at me kvittar oss med mest mogeleg av det dårlege og dyrkar fram det positive. Då må det også bli slutt med at einskilde nektar for at det er slik på Bokn som eg skreiv om i førre nummer av Bygdabladet - trass i at ein vesentleg del av dei som bur her, kjenner seg igjen! Det tar seg ikkje særleg ut å nekta for at det finst drittlukt, så lenge folk rundt deg klagar over henne!

Svein Ivar Langhelle

Dette har gjort vondt! Eg vil ikkje lesa om meg sjølv! Eg vil attende! - attende til livet før forban- nelsens bruer blei bygd. Eg vil vera i fred med meiningane mine, tankane mine og makta mi! Eg vil attende til då me bare hadde to-tre naudsynte lærarar som pendla til kommunen. Dei klarte me i flokk å psyka såpass ned at me fekk vera i fred. Eg vil ha attende bygdehora vår! Ho kunne me bruka og samstundes beskytta, for ho var ein av oss! Eg vil attende til politikken vår! Eg vil ikkje ha nye vinklingar og strategiar. Eg vil ha attende makta og styringa i kyrkja og på bedehuset! Eg blir forvirra når dei ikkje lenger berre høyrer på meg, kva skal *dei* no tru på!

Eg vil ha kona mi heimatt frå jobb! Eg vil ikkje at ungane mine skal få urbaniserte impulsar i barne- hagen. Eg vil setja mål for ungane mine sjølv! Å! Alt dette nye! Folk ser ikkje på meg med same age som før, eg er redd makta skal flytta frå der kor pengane er, og at det nye dreg med seg ver- diar og mål som ikkje pengane mine og namnet mitt har herredøme over. Eg har abonnert på denne makta og vil vidare at ungane mine skal arva den og føra den vidare! Ikkje ta frå meg hof- fet mitt, me treng kvarandre for å behalda struk- turen i bygda vår.

Me lyt hjelpa kvarandre mot dei onde kreftane og me må ta oss i vare for ikkje la oss lura til å tru dei har rett, desse som i kraft av seg sjølv og sine meiningar vil forskyva maktbalansen.

Gje aldri me hadde fått bruane!-Eg har det vondt!

Og eg er redd-så eg vil vera

ANONYM

EN INNFLYTTER SER TILBAKE

Tenk så fort tiden går- 47 år er passert siden Hel- ge og jeg giftet oss, og bodde sammen med sviger- mor og svigerfar på et meget vakkert sted i Veste-

rålen. Vi hadde utsyn over hele bygda og Hassel- fjorden hvor hurtigrutene, store turistskip og alle andre typer båter passerte på vei ut eller inn i Raftsundet.

Det var nok de som syntes litt synd på Helge, som hadde fått en kone som ikke kunne koke sildgryn eller gomme. Hun var flink til å hesje, men hun kunne ikke rake, ble det sagt.

Seks unger ble det etter hvert. De hadde det fint og fritt i norsk natur, med sjøen og fjellet som tumleplass. Det var et lite samfunn og som alle andre steder var det "noen som ville bestemme", - "og, de andre". Vi "ute ved elva" var "de and- re". Sånn var det og sånn vil det alltid være, sam- me hvor man bor.

Ungene begynte på skolen, og der var det en læ- rer som kom fra Bokn. Han var flere ganger på besøk hos oss, og for å gjøre en lang historie kort, så var det på sett og vis han som var skyld i at vi havnet på Bokn.

De to gamle døde da de var langt over 90 år, og vi hadde lyst til å prøve noe nytt. Etter en del brev- veksling med Ingolf Kro, pakket vi snippesken og flyttet hit. Det var ikke fritt for at vi ønsket oss tilbake til den friske luften i Vesterålen den første tiden vi var her, for stanken fra sildoljefabrikken på Karmøy holdt på å ta knekken på oss. Det luk- tet "pæng" sa man. Er glad for at jeg har lite penger, hvis det følger stygg lukt med.

Vi ble veldig godt mottatt på Bokn, fikk "Gamlehjemmet" til rådighet, og barna fikk hur- tig venner som de likte og som de sloss med, på ungers vis. Det var mye drikking blant ungdom- mene, det likte vi absolutt ikke. Noen mente at det var en barnesykdom som de måtte igjennom. Det var i hvert fall ikke min mening.

I min jobb som sykepleier og jordmor, kom jeg fort i kontakt med folk på Bokn. De var gjestfrie og lette å prate med, og fremfor alt var de redeli- ge. En liten episode kan fortelle litt om det. En av guttene hadde bilen til reparasjon i Hauge- sund. Broren skulle hente den på veien hjem, han gikk da på skole i Haugesund. Han hadde lite penger på seg og verkstedet ville ikke levere bilen før regningen ble betalt. "Men du skjønner, det er litt vanskelig for broren min å komme fra Bokn og hit for å hente bilen". "Fra Bokn, er du fra Bokn kan du bare ta bilen med deg, vi skal sende regning".

Syketransport fra en øy kan av og til være prob- lematisk. Nå som det er telefon i hvert hus, for ikke å si i hver hånd, er det ikke vanskelig å få tak i verken lege eller ambulanse på et blunk. Den gang måtte man springe fra dør til dør for å låne telefon, og så var det skyss, da. Var det båter

hjemme? Så var det ny runde for å banke på dørrer midt på natten. Ingen sure miner, blide om enn litt søvnige fjes – alltid ”ja vi skal gå”. En skikkelig honnør til alle båteiere som hjalp i nødens stund.

Utviklingen har gått fort. Vi har fått ambulanse, brannbil – husker godt da fabrikken brant og slukningsapparatet måtte drives med håndkraft. Vi har hurtignumner for all slags hjelp. Vi har fått bro, og vi har fremfor alt fått sykehjem, så vi slipper å sende de gamle av øya for å dø.

Bokn er et godt sted å bo på. Fin natur, frisk luft, passe langt til større handelssteder, –men for all del –la Bokn beholde sin egenart, det er jo sjarmen med hele øya.

Barna våre er voksne nå – de har fått god utdanning, gode jobber. 5 av dem bor på Bokn, har ikke hørt at de vil flytte. 5 er gift, 4 av dem med ekte boknarjenter og ingen har bedre svigerdøtre enn meg.

Jeg vet at jeg bevisst eller ubevisst, har tråkket folk på tærne, tilgi meg for det, men i årenes løp er det også en del som har tråkket på mine tær. Men – ved nærmere ettertanke er jeg kommet til den konklusjon at det i hovedsak har vært innflyttere.

Nå gleder jeg meg hver dag over pensjonisttilværelsen med en herlig flokk barnebarn, ektemann, hund og til nå, god helse, gode naboer og venner. Hver dag er en sjelden gave, og som en klok mann en gang sa ”Klag ikke under stjernene av mangel på lyspunkter i ditt liv”.

Med dette sendes hilsen til ekte og uekte boknere, for inni er vi like...

Hilsen Else Nilssen

BOKN PÅ GODT OG VONDT

I forrige Bygdablad stod et leserinnlegg som vel har skapt en del diskusjon rundt om på arbeidsplasser, i hjem og de fleste andre steder hvor folk møtes. Det var vel sikkert også meningen. Synspunktene er sikkert mange, men det er vel ikke rart om de fleste har forskjellige meninger. Selv om vi bor i samme lokal-samfunn, opplever vi jo ikke ting likt. Noen følte seg kanskje tråkket på tærne, mens andre syntes det var på tide at noen tok opp dette temaet.

Mange av oss har vel opplevd å bli senter for alles oppmerksomhet, mer eller mindre frivillig. *Veldig* mange av oss har gjort narr av eller baksnakket andre sambygdinge. Og janteloven er sterkt tilstede, også her på Bokn. Det er den også i Man-

dal, Tromsø eller Oslo, for den saks skyld. I Oslo er det farlig å ha feil farge på skoene dine. Du risikerer faktisk å havne i trøbbel for en liten bagatell som at du kikket på feil person til feil tid.

Slikt har vi ikke noe av her. Da foretrekker jeg at folk kikker på hverandre fra bak gardinene fordi de vil ditt beste! Eller at alle vet nesten alt om en, selv før en vet ting selv. En viss interesse for sine medmennesker skal man ha. Ofte får man et lite kultursjokk dersom man flytter til en by hvor *alle* egentlig gir ”filla full av fjert” i hvordan du har det, og om hvordan det går med svigerinnen din som hadde termin for 3 dager siden, eller broren din som forstuet ankelen i forrige fotballkamp.

Å bo i et så lite samfunn som Bokn, er det både ulemper og fordeler med. Jeg flyttet hit fra Trondheim for 17 år siden. Jeg var 8 år gammel, og alt var merkelig, annerledes og nytt rundt meg. Et par uker etterpå snakket jeg kav ”boknarsk”, og hadde det travelt med nye venner. Det er ikke fritt for at jeg ofte tenker på hvordan vennene mine i Trondheim har det, og lurar på hvordan livet mitt kunne blitt der.

For en voksen person kan det være verre å skli inn i miljøet enn et barn. Barn er mer naturlige i væremåten sin enn vi voksne. Kanskje fordi vi vet hvor mye det tross alt betyr for oss å ha venner og å være godt likt. I bunn og grunn tror jeg nok at Bokn er et sted som tar i mot nye mennesker med åpne armer. En kan jo gjøre litt for det selv også, ved å delta på forskjellige arrangementer eller bli med i foreninger eller idrettslag.

Kanskje det er riktig at noen her på øya tror at de er bedre enn alle andre, og at de gjør det vanskelig for folk som ikke passer inn i deres omgangskrets. Men det gir jeg ”filla full av fjert” i, slike venner ville jeg ikke hatt uansett! Kanskje er det mye falskhet og ”uærlig spill” i mange henseender, men det er faktisk ikke så mye en kan gjøre med det. Vi er en herlig blanding av mennesker på godt og på vondt, og slik vil det alltid være. Noen liker bedre å ha makt enn andre, og noen liker å demonstrere at de har makt. Andre gir fullstendig blaffen i om de provoserer noen, de lever sitt liv slik det passer dem selv.

En ting som er unikt med Bokn og andre småsamfunn, er den hjelpen du kan få, dersom du bare strekker ut en hånd! Om det gjelder flyttelei eller oppussing, jordbruk eller fiske, bil eller båt, sykdom eller dødsfall, så er det enormt hvor mye folk er villige til å gi, bare du lar dem få slippe til...

Uansett tror jeg det er sunt å ha en liten selvran sakelse og debatt om slike aktuelle ting en gang i

blant. Reaksjoner har det blitt ut av det, og det syns jeg er morsomt. Det er et tegn på engasjement. Men jeg er ganske sikker på at de som burde tatt det mest til seg, ikke kjenner kritikken prikke i lilletåa engang. Det er bare slik enkelte er. Og slik vil de alltid være...

Hilsen Ann Kristin Grønnestad

SIKRING AV HÅLANDSSJØEN BYGGEFELT

- ope brev til ordføreren -

Havnaveien velforening ønsker nå sterkt å sette fokus på sikring av barna i feltet, her er det mye å gjøre!

Vi har en fin lekeplass som er laget etter de nyeste forskrifter, men det som er problemet er at vi har en europavei ca. 100 meter fra lekeplassen. Etter hvert er dette blitt et stort problem, barn som endelig er blitt store nok til å gå til lekeplassen selv, synest at det er veldig spennende å gå opp og se på trailere og andre biler. Heldigvis har "lekeplassen" observante naboer som flere ganger har vært oppe ved veien og hentet ned barn, etter at de har hørt trailere tute på barna.

I reguleringsbestemmelsene for boligfeltet, vedtatt i Kommunestyret 26.09.89, står bl.a at gjerde skal settes opp langs riksveien.

Spørsmålet vårt er nå, når har kommunen tenkt å sikre denne veien?

Vi i styret i velforeningen mener at det bør settes opp et 2 meter høyt gjerde. Dette bør starte ved transformatoren nord for lekeplassen og avslutte



ved skogen sør for lekeplassen. (Totalt er dette ca. 300 meter).

Vi ønsker nye støymålinger, trafikken har økt be-

traktelig siden det var målinger sist. Dersom det blir satt opp støyskjerming på noe av denne strekningen, kan den muligens samtidig være en del av sikringen mot veien.

Vi har flere skråninger med løse, store steiner langs sjøen/"moloen"/snuplassen, dette er svært farlig for barn, som i verste fall kan skli utfor og falle i sjøen, eller få store steiner etter seg.

Når har kommunen tenkt å ta ansvar og gjøre noe med dette?



Barn helt ned til 7 år må gå til skolen da det ikke er gratis skoleskyss på strekningen Føresvik-Alvestad. Deler av denne strekningen er asvært trafikkfarlig. Det er uoversiktelige svinger og smale partier, m.m.

Havnaveien vel ønsker at vurdering av sykkel- og gangsti blir tatt opp igjen snarest, ev. utbedring av eksisterende vei. Eller så bør barna få fri skoleskyss.

Hilsen styret i Havnaveien velforening

(brevet er noko forkorta - red.)



AKSJON HÅP

NY LANDSDEKKENDE INNSAMLINGSAKSJON


Norsk Misjonsråd vil i løpet av november og første del av desember, gjennomføre en ny innsamlingsaksjon, Aksjon Håp, som skal ha som mål å samle inn 60 millioner kroner til bistandsarbeid i 18 land. **Selve aksjonsdagen er 10 desember.**

Norsk Misjonsråd består av til sammen 28 kristne organisasjoner. Det er 17 av disse som nå går sammen om denne aksjonen for å støtte bistandsarbeidet innen sektorene jordbruk, skole, helse, veier, radioarbeid, økonomi- og industriforetak osv. i den tredje verden.

Aksjonen er sentralt styrt fra Oslo med domprost Tor B. Jørgensen som formann i hovedkomiteen. Ellers er arbeidet delt inn i fylkes og kommunekomiteer. For Rogalands vedkommende er det oppretter 26 kommunekomiteer ved at noen kommuner går sammen i en komité. For øyeblikket er omkring 400 personer i sving med det forberedende arbeidet sier pressetalsmann Halvor Ingebretsen for fylkeskomiteen i Rogaland hvor misjonsprest Olav Kristian Tangeland er ansvarlig leder.

Det er fire prosjekt det spesielt blir fokuset på:

1. Arbeid blant gatebarn i Maputos slum i Mosambik,
2. Smålån som skaper arbeidsplasser i Bolivia,
3. Distriktsutvikling i Kenyas fattigste områder
4. Helse og utvikling på landsbygda Mursan i India



Den lokale komiteen i Bokn håper på stor giverglede blant innbyggerne når bøssebærerne kommer rundt 10. desember.



10. desember 2000



10. desember 2000



10. desember 2000



10. desember 2000

INFORMASJON FRA

BOKN SVINGKLUBB

Svingklubben vil sette opp et Linedance kurs i løpet av november.

Interessen for svingkurs har vært heller "laber" de siste årene, og vi har faktisk prøvd å få til kurs. På grunn av liten påmelding har kursene blitt avlyst.

Nå vil vi prøve med noe annet, og det er som sagt Linedance. Det er en form for dans hvor en står på linje og gjør de samme trinnene. Det er ikke behov for dansepartner (men jo flere, jo kjekkere blir det). Linedance danses i dag til all slags musikk. En kan faktisk bruke DIN favoritt låt.

Oppslag om tid, sted og påmelding vil henges opp, så bli med og dans.

Vi i svingklubben håper på stor oppslutning, for dette blir veldig gøy.

NB! Det blir mulighet til å prøve ut det en har lært på kurset på dansen 2. desember.

Til opplysning: Bokn svingklubb v.

Torunn B. Skjelde

Edgar Våge

Kristi Laupland

Ragnhild Ognøy

Rannveig Foss

TV-aksjonen
SOS-barnebyer
NRK



ÅRETS TV-AKSJON


Bokn fekk eit svært godt resultat i årets TV-aksjon, og blei den

nest beste kommunen i Rogaland, etter umulege" Utsira. Det kom inn kr. 53.508,- noko som er heile kr. 68,08 pr. innbyggjar!

Til samanlikning gav Bokn i 1995 kr. 49.441,- til Frelsesarmeens "Omsorg for hele mennesket". Det tilsvarte kr. 64,04 pr. innb. Rekorden er frå 1997 då Bokn slo til med kr. 58.372,- (kr. 75,71 pr. innb.) til "Krafttak mot kreft". Bokn var også det året nest beste kommune i fylket vårt. Beløpet i 1997 blei også betydeleg høgare etter at inntektene frå salet av ulike artiklar kom med seinare den hausten.

I tillegg til at Bokn kommune i år gav kr. 5.000,- slo Røde Kors Besøktjenesten til med kr. 3.000,- Loden Laks og SR-bank Bokn kr. 2.000,- kvar. Stor takk til dei!

Takk også til Røde Kors og SR-Bank Bokn for god innsats aksjonsdagen, og til alle som gav sitt til TV-aksjonen 2000!



INNFØRING AV FASTLEGEORDNING

Stortinget har vedtatt at det skal innføres fastlegeordning i Norge. Gjennomføringa har vore utsett fleire gonger, sist til neste sommar. Det gjenstår å sjå om dette vert innført på dette tidspunktet, men vi ser det slik at folk, og i Bokn, treng informasjon om kva dette eigentleg er.

Bakgrunn:

Intensjonen med fastlegeordninga er å gi befolkninga større tryggleik og tilfredshet med eit stabilt pasient-legeforhold. Det styrkar banda mellom lege og pasient, og er ein føremon for alle partar, særskilt for kronisk sjuke. På lengre sikt skal det vere med å sikre ei stabil legedekning i heile landet.

Ordninga har fungert godt i land som Danmark, England og Nederland i fleire år. I Norge har nokre kommunar vore forsøkskommunar for ordninga. Brukarundersøkingar frå desse kommunane syner at 84 % av befolkninga var nøgde med ordninga, og ønskte at den skulle halda fram.

Kva vil fastlegeordninga innebære for deg som pasient?

Fastlegen skal ta vare på pasientens behov for allmenn-legetenester heile året. Han/ho har ansvar for å vise til andre helsetenester etter behov, og skrive ut attestar og gi helseopplysningar ved søknad om helse- og sosialtenester. Om fastlegen er fråverande over lengre tid, skal pasientane ha tilgang til vikar.

Du kan velje fastlege uavhengig av kommunegrenser, men vil ikkje få refundert reiseutgiftene om du vel ein lege i annan kommune. Det er fastlegen du har velt som skal syta for at du får den hjelpa du treng, og til å få bestilt faste medisiner du går på.

Inntil to gonger pr. år kan du skifte fastlege om du ønskjer det. I tillegg har du krav på å bli vurdert på nytt av ein annan enn fastlegen.

Du kan velje fastlege i einepraksis eller i gruppepraksis, eller du kan velje å stå utanfor fastlegeordninga.

Alle innbyggjarar over 16 år vil få tilsendt eit brev med invitasjon til å velje fastlege i februar 2001. Barn under 16 år blir ført på same lista som mora, eller til den av foreldra som har foreldreansvaret.

Kommunen har plikt til å tilby innbyggjarane å vere fast tilknytt og bli prioritert hos ein fast lege. I tillegg plikter kommunen å legge til rette for at de personar som er tilknyttet fastlege har tilgjengelighet hos sin lege, rett til å bytte fastlege, og rett til ei ny vurdering hos ein annan enn sin egen fastlege.

Lokale forhold:

Bokn har som kjent eit legesamarbeid med Tysvær. Formelt er det Tysvær kommune som står som arbeidsgivar for kommunelegen i Bokn. Helseadministrasjonen der forhandlar no med legane i kommunen for å få inngått avtalar.

Det vil bli gitt orientering om utviklinga og evt. endringar som vedkjem fastlegeordninga i seinare bygdablad.

PLANLEGGING AV NYE OMSORGSBUSTADER

Med Leif Vatnaland som leiar er ei gruppe i gang med planlegging av dei nye omsorgsbustadene. Gruppa består foruten leiaren av: Berit Are, Hans Erik Lundberg, Solrunn Alvestad og Gunn Grønnestad.

Styringsgruppe er Formannskapet.

I tillegg har ei arbeidsgruppe av tilsette vore i sving med å konkretisera behov i forhold til utbygginga for å kunne ivareta ein best mogeleg funksjon/utforming.

Dette er: Inger Sønnøve Bokneberg, Signe Skjelde, Arno Bratland, Miriam Berland og Gunn Grønnestad – dei fleste "gamle travarar" som forhåpentlegvis er i stand til å forhindre for dårleg planlegging av detaljar.

Eldrerådet har fått ei orientering om arbeidet hittil, men vil få planane til uttale når vi er kome lenger.

Arkitekt Arne Tveit arbeider no med utforming av sjølve bustadene.

Plassering av dei nye omsorgsbustadene vert mellom Boknatun og dei eksisterande omsorgsbustadene. Bygget vert i to etasjar, med 3 bustader i 1.etg. og 6 bustader i 2.etg.

Trapperom og rullestolheis vil gi adkomst til den unyttta 3.etg. i Boknatun.



LÅTT OG LØYE

med Vegar Våge



Det er høst i Edens hage. Plutselig kommer et fikenblad virvlende. Eva utbryter: -Se Adam, en usynlig mann!

HA HA HA

Hvorfor står det ofte 16-17 blondiner utenfor et diskotek? Jo, det står at man må være 18 for å komme inn.

Olsen var bedugget da han gikk i land fra danskebåten. Han bar tungt og gikk på rødt, der han ble spurt av tolleren:

- Brennevin eller tobakk?

Olsen fokuserer inn tolleren med blikket og snøvler:

-Nei takk! Jeg har fått nok..!

- Jeg har vunnet ham på bingo, En svenske kom gående med en gris i bånd.
- Hvor har du fått den fra? spurte en mann.
- Jeg har vunnet ham på bingo, svarte grisen.

HE HE HE

- Jeg vil skilles, min mann har en elendig hukommelse.

- Men det er da ingen skilsmissegrunn?

- Jo, for når han ser en lekker dame, så glemmer han at han er gift!



Hos legen:

- Jeg vil be om å få flere sovetabletter til min mann. Nå har den rakkeren våknet igjen!

- Bankkort er en fin ting!
De viser at uttak er verdens lønn.



-Har du sett en lastebil full av sauer kjøre forbi her?
-Nei, falt du av?

Barna sluttet å tro på storken da de var i dyrehagen, og fikk se et nyfødt nesehorn.

Kannibalen:- Kom jeg for sent til middag?
Kona:- Ja, alle er spist.



Svensken, dansken og nordmannen skulle hoppe i fallskjerm, men så var det bare to fallskjerm, - Bare hopp dere, sa nordmannen og hjalp dansken på med den ene fallskjermen mens svensken tok på seg den andre og hoppet.

- Hva så med deg, spurte dansken, du har jo ingen fallskjerm.
- Joda, sa nordmannen, svensken hoppet med min ryggsekk!

- Fikk du tatt nummeret på bilen som traff deg?
- Nei, men jeg vil kjenne igjen sjåførens latter.



HO HO HO


KULTURKALENDEREN

NOVEMBER

- 12.: Møte kl. 19.30, Indremisjonen
 13.: Bokn Barnaklubb kl. 10.30 – 12.30 – Hognaland bedehus
 13.: Årsmøte, BORK
 15.: Bingo, arr. BIL
 17.: Kulturkveld – glimt frå dikteren Anders Hovden sitt liv – arr. Bokn mållag og Bokn bedehus
 17.: Fri for elevane ved Bokn skule
 19.: Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbøker kl. 15.00, Aurdal
 • Veke 47 – Juletentamen Bokn skule – gymsal opptatt
 24.: Adventsverkstad, Allrommet kl. 19.00
 Arr. Bokn hagelag
 26.: Møte kl. 19.30, Misjonssambandet
 26.: Bokn søndagsskule
 27.: Bokn Barnaklubb kl. 10.30 – 12.30 – Hognaland bedehus
 29.: Adventarr. Hagelaget
 30.: Bokn pensjonistforening, allrommet kl. 19.30

DESEMBER

- 1.: Bokn KrF har 25 års jubileumsfest i Allrommet. Stortingsrepr. Einar Stensnes m.fl. blir med på festen.
 3.: Julemesse på Arskroen, 2 etasje
 3.: Tenning av julegran kl. 18.00, Boknatun. Fakketoget til kyrkja etterpå, arr. 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
 3.: Gudsteneste med speidarprosesjon i kyrkja, kl. 19.00, Aurdal
 4.: Jul i stallen, arr. BORK
 4.: Møte Røde Kors Hjelpekorps
 5.: Juleavslutning for speidar, ulv og meis
 6.: "Juleverkstad" kl. 17.00—19.00 i Allrommet, arr. Leirgrov Velforening
 6.: Møte kl. 19.30, Santalmisjonen
 8.: Juleverkstad, Allrommet kl. 19.00
 Arr. Bokn hagelag
 10.: Bokn søndagsskule
 10.: Luciafest, Bokn Musikkorps
 11.: Bokn Barnaklubb kl. 10.30 – 12.30 – Hognaland bedehus
 13.: Juledekorasjonar, kl. 19.30 på Allrommet, arr. Hagelaget
 15.: Adventsfest for de eldre, arr. Bokn Sanitetsforening




GYMSALTIMEPLAN ETTER KL. 14.00

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån.	Badminton	17.30 - 19.00	Stiftinga Torland Bufellesskap
	Bokn Musikk-korps	20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad
Tys.	Barnetrim	16.00 - 17.30	Anne Lise Nilsen
	Fotball, A-lag	19.00 - 21.00	Roy Tjøsvoll
	Dametrim	21.00	Åse Bratthammer
Ons.	Fotball, minimix	17.00 - 18.00	Kjetil Hamre
	Badminton	18.00 - 19.30	Stiftinga Torland Bufellesskap
	Volleyball, herrer	20.00 - 22.00	Svein Olaussen
Tors.	Bokn Musikk-korps	17.00 - 19.00	Lillian Grønnestad
	Volleyball, ungdom	19.00 - 20.00	Arne Hosaas
	Dametrim/Volleyball damer	20.00 - 22.00	Åse Bratthammer/Sigrunn H. Hosaas
Fred.	Badminton	17.30 - 19.00	Stiftinga Torland Bufellesskap
	Fotball, A-lag	19.00 - 20.30	Roy Tjøsvoll

OM VÆR OG VIND FRA BARNEMUNN


Været er det samme som atmosfæren. Er atmosfæren fin, så får vi fint vær, og omvendt hvis det regner. Sola har også mye og si for været. Har den ikke stått opp, eller den er gjemt bak dis og tåke, så er det som regel heller ikke så fint vær. Hvis det er for mye vind, kan det også bli dårlig vær. Vinden oppstår når jorden kretser rundt seg selv. Hvis det går for fort, kan vinden bli for sterk.

Været her i landet er veldig forskjellig fra årstid til årstid, men det skal vi ikke være så lei for i lengden. Hvor ofte hører vi ikke om folk fra Ekvator som må gå rundt med høy feber hele dagen på grunn av den sterke sola? Vi skal være glad for det vi har, for eksempel regntunge skyer som feier innover fjordene, og snøkav og fokk som gjør fjellfolk og fiskeres liv spennende. Og så gir det arbeidsplasser i veivesenet.



BLOM DENNE MÅNADEN



til June Kro!



Som ein respons på innlegget til Svein I. Langhelle sist nummer ynskjer eg å fokusera på noko positivt. Det er mykje i innlegget som er sant og eg støttar han på at me kan gjera noko med det. Dette er eit lite forsøk på det. Eg er innflyttar for 8 år tilbake og reknar meg sjølv som boknar. Det eg vil no er å trekkja fram ein person som har gjort det greitt for meg å koma hit og vera her, ein god nabo. Eg vil utfordra andre til å senda inn forslag til andre gode boknarar, for dei er det heilt sikkert mange av.

Den eg ynskjer å trekkja fram i dag er mine gode og alltid hjelpsomme nabo June Kro. Ho er ein person som frå fyrste dag har hatt ein samlande og ta vare på naboen innstilling. Ho trer til i kriser og fest og hjelper med det meste. Ho kjem på besøk og har tid til å ta imot besøk. Ho inkluderer alle nye naboar og dreg dei med på det meste, trim, svømming, klubb eller kva det måtte vera. Eg trur det er fleire enn meg som har eit positivt og godt inntrykk av henne som nabo. Difor vil eg at ho skal få blomen denne månaden. Og eg utfordrar som sagt andre til å senda inn forslag til bygdablad om positive personar som fortener ein blom.

Åse Bratthammer



NYHETER FRA SR-BANK BOKN

Bli med Telenor på børs!

Sparebank1 sitt meglerselskap -First Securities-er valgt som tilrettelegger i forbindelse med at Telenor nå går på børs.

Ta direkte kontakt med SR-Bank for ytterligere informasjon.

Direktenummer 52 74 82 22
Telefax 52 74 84 09

Vi har fått nye fond!

ODIN Global Garantert

- Aksjefond m/garanti
- Forvaltet av TEMPELTON

ODIN Medica

- Aksjefond innen legemidler, medisinsk teknikk, bioteknikk og helserelatert service.

ODIN Offshore

- Aksjefond innen olje og offshorenæringen

SpareBank 1 SR-Bank

ORDFØRARBILETA ER KOMNE PÅ VEGGEN

Reidar Alvestad

ENDELEG FERDIG

Det er heilt tilbake til 1995 då Leif Vatnaland hadde siste år som ordførar i Bokn at det vart tatt initiativ til å laga ei oversikt over alle ordførarane i Bokn i perioden 1850 og fram til i dag, med tanke på eit ordførargalleri.

Oversikta fekk ein relativt tidleg i stand. Det dreier seg om 23 ordførarar. Det som imidlertid var litt vanskelegare, var dei 4 første ordførarane frå 1850 til 1865. Det er Lars Rasmussen Lodden, Daniel Larsen Trosnavåg, Christofer Larsen Øvrebø og Ingebrigt Ingebrigtson Laupland. Desse har det ikkje lukkast å framskaffa bilete av, men det kan finnast. Det er heller ikkje tatt med krigstida, då det då ikkje var demokratisk vald ordførar i den perioden.

Elles er nå alle bileta av dei andre 19 ordførarane kome opp på veggen. Bileta heng i servicetorget på

Boknatun, altså rett ved inngangspartiet, så det er lett tilgjengeleg for folk flest. Dei fleste bileta er avfotograferte og forstørre av Statsarkivet i Rogaland, slik at ein også har fått eit einsarta preg over dei.

BERRE EI KVINNE

Dei 19 bileta hang i rekkefølge frå Bjørn Torbjørnsen Nedrebø som var ordførar frå 1866 – 1867 til Sigrunn Hole Hosaas som var ordførar frå 1996 – 1999. Ho er einaste kvinna i denne mannsdominerte forsamlinga, og såleis historisk i denne samanhengen.

Det er interessant historisk dokumentasjon som nå er kome på plass når kommunen i år feirar sitt 150 års jubileum. Gå gjerne og kikk på ordførargalleriet.

Bokn kommune vil takka alle som har vore så greie og lånt ut originale bilete som me kunne bruka som grunnlag for avfotografering og forstørring.



Øverst frå v.: Bjørn Torbjørnsen Nedrebø, Torgils Olson Alvestad, Valentin Tormodsen Vaage, Christofer Pedersen Vatnaland, Jakob Pedersen Thorland, Gabriel Dybing, Jakob Hognaland, Martin Jøsang, Julius Håland, Lars Elisæus Vatnaland.

Nederste rekke frå v.: Jens L. Vatnaland, Monrad Alvestad, Helge Alvestad, Osmund S. Våga, Ingolf Kro, Leif Vatnaland, Sigvart Våga, Arne Øvrebø og Sigrunn Hole Hosaas.

(Bileta er opphengde i rekkefølge etter ordføraren sin 1. periode).

EKSTRAHJELP

søkes i billettbeder Arsvågen/Mortevika etter behov.

Henv. tlf. 51 72 42 50 v/Leif Hansen for mer informasjon.



**Boknafjorden
FERJESELSKAP**

TIL LAG OG ORGANISASJONAR

og andre som skal ha arrangement i samband med jula som nærmar seg, og vil at kulturkontoret skal organisera lyd og ev. lys til hendinga, ta kontakt med kulturkontoret i god tid før arrangementet skal vera, helst så snart som muleg, etter at ynskjer og behov er klare.

Det vil ikkje bli gjort automatisk.

SPEIDEREFFEKTER

Er det noen som har speiderskjorter liggende og som ikke er i bruk, er vi interessert i å overta/selge dem.

Vi har tenkt å ha et "depot" hvor vi formidler kjøp/salg av speidereffekter.

Er du/dere interessert, ta kontakt.

Marit tlf. 52 74 85 75/52 74 83 14
Leiv tlf. 52 74 84 23

MINI JULEMESSE PÅ SJØHUSET

- Lørdag 25.11 kl. 10 – 14
- Unni Torsteinsbø (Trosnavåg) m/flere kommer og selger sine hobbyartikler.
- Salg av grøt, kaffi og noko attåt.
- Butikken er åpen 9 – 15

VELKOMMEN!

*Ingebjørg – Steinar
Marit – Tor Harald
og Hilde-Gunn*

ETTERLYSNING!


Bind 7 av Aschehoug og Gyldendals
STORE NORSKE LEKSIKON er
borte frå biblioteket.
(mørkerød plasta bok)

SIMO BAGVOGN
SIMO SPORTSVOGN/TRILLE
TIL SALGS.

52 74 84 02



NY ELEKTRIKER PÅ BOKN!



Onar Alvestad er nyansatt som elektriker i ABB Installasjon. Med lang erfaring og bakgrunn både innen svakstrøms- og sterkstrømsinstallasjoner påtar han seg alle typer oppdrag rettet mot industri, bolig- og servicemarkedet.

Ansettelsen er et ledd i vår strategi om rask og effektiv service overfor alle våre kundegrupper opplyser avdelingsleder Helge Pedersen i ABB Installasjon.

Ved å ansette dyktige fagfolk med godt renome vet vi av erfaring at kundenes interesser blir ivaretatt på aller beste måte, samtidig som nye markedsandeler erobres. Dette kommer begge parter til gode.

Vi har lenge sett på Bokn og Tysvær som aktuelle satsingskommuner for våre tjenester innen service og installasjon og håper med denne strategien etter hvert å få et bedre kundegrunnlag og fotfeste i begge disse kommunene.

Responsen på vårt framstøt på Bokn har i alle fall ikke latt vente på seg.

Onar Alvestad synes å bli godt mottatt av sine sambygdingar og er allerede godt i gang med oppdrag både innen bolig og industri.

I ryggen har vår mann på Bokn 120 mann og 50 servicebiler å støtte seg til dersom han skulle få det for travelt.

ABB Installasjon er i dag Haugalandets største elektroentreprenørfirma. Hovedkontoret befinner seg i Haugesund under ledelse av disponent Paul Lande.

50 SERVICEBILER PÅ HAUGALANDET!

ALLTID EN SERVICEBIL I DITT NÆROMRÅDE!

ABB Installasjon er først og fremst en lokal samarbeidspartner med fokus på kundens behov. Derfor er personlig service og oppfølging en merkevare i alle våre avdelinger.

Melding til folk i Tysvær og Bokn

Når du trenger elektriker er vi alltid klar til å hjelpe deg. Benytt våre lokale fagfolk som er bosatt og opererer i din kommune.




ABBs elektrikere i Tysvær og Bokn-området.

TILBUD

Gjelder t.o.m. 31/12-00

**Kvalitets jordfeltbrytere
til under 1/2 pris**



350,- inkl. mva

(Priseks. 2/40A - 30mA
puls- og støtstrømsikker)

NB! Det forutsettes at ABB Installasjon foretar den forskriftsmessige installasjonen

ABB dekker følgende områder:

- Elektro (service)
- Avd. IT-nett
- Bygg/anlegg
- Industri
- Skip & Rigger
- Miljø



Ta kontakt med våre folk i Tysvær og Bokn:



**Kjell Helge
Førland**

Tlf. 957 34 195



**Egil
Bertelsen**

Tlf. 918 81 942



**Onar
Alvestad**

Tlf. 415 53 155



**Roald
Hervik**


Tlf. 52 80 44 00

Tlf. 52 80 44 00

www.abb.com

ABB

**ABB Installasjon
avd. service**
Din elektriker



BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED

BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler båring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

Hjerteleg takk for kransar og blomsterhelsingar ved vår mor, Klara Haldis Øvrebø's bortgang.

Spesiell takk til personalet ved Bokn sjukestove for god pleie.

familiane

EKSTRAHJELP

søkes i billettsteder Arsvågen/Mortevika etter behov.

Henv. tlf. 51 72 42 50 v/Leif Hansen for mer informasjon.



HÅRSMIÅ



- ✂ Fører Goldwell-produkter
- ✂ Trendline
- ✂ LC2-serien
- ✂ Dagswax-produkter

Åpent etter avtale – Timebestilling 52 74 86 47
Mona Våga

KULTURKONTORET STENGT

P.g.a. permisjon til vidareutdanning er kulturkontoret stengt på torsdagar.

Mat & Prat

Me minner om mat & prat.
Alle som har høve til å kome er hjarteleg velkomne. Me held til på All-

rommet på Boknatun onsdagar frå kl. 14.00 til 16.00.

Det er to gonger att før jul.
15.11 og 6.12 (Adventskos)

Kontaktperson: Solveig E.
Våga tlf. 52 74 83 83

UNGDOMSARBEIDAREN
er å treffa på Boknatun
tyrsdag og onsdag.

Direktenr. 52 75 25 12

Ann Kristin Grønnestad
ungdomsarbeidar

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik
fysioterapeut

FOTTERAPI

kvar onsdag på
legekontoret
kl. 09.00 – 14.00

For påmelding,
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen
fotterapeut

SONETERAPI/NATURMEDISIN

ope etter avtale
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

Jorid Vea – heilpraktikar

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn
tyrsdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde
trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	Nye mobiltelefonnr.
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Svein Erik Larsen
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove	
52 74 85 22	Legevaktsentralen	
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/fredag 08.00 – 15.00	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster tysdag/torsdag Open helsestasjon torsdag	Marie L. Faye
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Annette Bokneberg
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/onsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54 98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)
52 75 25 80	Tannlegekontor	Anita Knutsen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året (ikkje januar og august)

STORT FORSIDEBILDE

Teikning av Joacim Kristoffer Are, 5. klasse

TILBUD

STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,

4150 Rennesøy


51 72 32 87

946 70 873

BØNNEKRUKKE I KYRKJA

Tekst: Arne Aurdal - foto: Jardar Havikbotn

Bokn Sokneråd har nå kjøpt inn ei såkalla "bønnekrukke". Krukka er laga av keramikeren Karoline Emmerhoff i Haugesund.



Krukka vert plassert i våpenhuset. Her vil alle som kjem til kyrkja kunne ta det dei har på hjarta fram for Gud ved å skrive det på eit papir og leggje det ned i krukka.

Ved starten av kvar gudstjeneste vil krukka verta boren fram til alteret. Under kyrkjebøna vil presten halde krukka opp og slik lyfte alle bønnene fram for Gud.

Etter gudstenesta vert bønelappane makuerte utan at nokon les dei. Sjølv sagt høyrer Gud like godt dei stille bønnene våre som vi ber i hjarta, men nokon gonger kan det vera godt å få sette ord på dei!

Dersom nokon ynskjer at konkrete bønner skal nevast av presten i kyrkja, kan han/ho gi presten ein lapp der bønna er formulert.

4. KLASSINGAR OM ÅR 2000

Anders

Didrik

Daniel

Tina

